

---

N O T A T 2 0 0 9 – 1 6

---

Ønskje om opplæring, kjøp av tenester,  
framtidsutsikter og hindringar for bønder i  
Hordaland

Arild Spissøy

Åshild Hjørnevik

---

<b>Serie</b>	Notat
<b>Redaktør</b>	Agnar Hegrenes
<b>Tittel</b>	Ønskje om opplæring, kjøp av tenester, framtidsutsikter og hindringar for bønder i Hordaland
<b>Forfattarar</b>	Arild Spissøy og Åshild Hjørnevik
<b>Prosjekt</b>	Etterspørsel etter opplæring og tenester og opplevde hindringar for bønder i Hordaland i 2008
<b>Utgjevar</b>	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
<b>Utgjevarstad</b>	Oslo
<b>Utgjevingsår</b>	2009
<b>Sidetal</b>	60
<b>ISBN</b>	978-82-7077-756-3
<b>ISSN</b>	0805-9691
<b>Emneord</b>	Hordaland, landbruk, opplæringsbehov, tenester, hindringar, framtidsutsikter

---

## Litt om NILF

- Forsking og utgreiing om landbrukspolitikk, matvaresektor og -marknad, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innan landbruket; dette omfattar m.a. sekretariatsarbeidet for Budsjettet for jordbruket og dei årlege driftsgranskingane i jord- og skogbruk.
- Utviklar hjelpemiddel for driftsplanlegging og rekneskapsføring.
- Er finansiert av Landbruks- og matdepartementet, Noregs forskingsråd og gjennom oppdrag for offentleg og privat sektor.
- Hovudkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

# Forord

---

Etter kvart har NILF og Fylkesmannen i Hordaland utvikla eit godt samarbeid. Fylkesmennene sit nær brukarane, og NILF ønskjer å vera tett på næringa. I dette prosjektet har NILF og Fylkesmannens landbruksavdeling utnytta den komplementære kompetansen. Fylkesmannens landbruksavdeling har med sin lokalkunnskap utarbeidd spørjeskjema tilpassa lokale forhold og stått for sjølve datainnsamlinga, medan NILF har utarbeidd statistikk, stått for analysen og presentasjonen av resultata.

Tema for undersøkinga er aktuelle. NILFs Driftsgranskinger for jordbruket viser at det er store skilnader i resultat mellom relativt like bruk. Det kan tyda på at det er behov for opplæring i næringa. Skal eit tilbod om opplæring vera vellukka, må det vera etterspurt og i samsvar med ønskja til gardbrukarane. Vårt prosjekt er eit eksempel på ein nedanfrå-og-opp-prosess der svara frå brukarane styrer prosessen vidare.

I jordbruksforhandlingane i 2008 vart det bestemt å avvikle EVL-ordninga (etter- og vidareutdanning i landbruket) frå 1.1.2009. Fordi EVL-ordninga er avvikla, opnar det for å tenkja nytt om kurs og kompetanse tiltak i landbruket. Ansvaret for støtte til etterutdanning vart som ein overgang tildelt Fylkesmannen innanfor dei fylkesvise BU-midla.

Denne studien avdekker ønskje og behov hjå brukarane, og notatet bør derfor ha stor interesse i samband med at fylkeskommunane overtek ansvaret knytt til rekruttering og kompetanseheving av landbrukssektoren frå 1. januar 2010.

Tilbodet om kjøp av spesielle tenester retta mot landbruksnæringa utviklar seg stadig. Notatet drøftar korleis bøndene ser på tenestene Vil dei nyttre seg av tilboda? Kva type arbeidsoppgåver kan bøndene tenkja seg å setja vekk? Ein ser vidare at nokre bønder har gammalt produksjonsutstyr og tilsynelatande vegrar seg for å utvikla eigedommen. Kva er årsaka til dette? Kva type hindringar opplever bøndene sjølve som store? Det er regionale forskjellar når det gjeld utviklinga i næringa. Derfor er det svært interessant med ein analyse av dette innanfor ulike regionar innanfor eit fylke.

Arild Spissøy, NILF, og Åshild Hjørnevik, Fylkesmannens landbruksavdeling i Hordaland, har skrive notatet. Berit Grimsrud har klargjort notatet for trykking.

Takk til Fylkesmannen i Hordaland for interessant oppdrag og for godt samarbeid.

Oslo, november 2009

Ivar Pettersen



# Innhold

---

	Side
SAMANDRAG .....	1
1 INNLEIING OG BAKGRUNN .....	3
2 GJENNOMFØRING OG METODE.....	5
2.1 Kven svarte på undersøkinga? .....	5
2.1.1 Kjønn .....	6
2.1.2 Alder .....	6
2.1.3 Inntekt frå bruket .....	6
2.1.4 Region.....	7
3 HORDALAND SAMLA.....	9
3.1 Kva ønskjer ein å læra meir om? .....	11
3.1.1 Tradisjonelle produksjonar .....	11
3.1.2 Andre tema – tilleggsnæringer .....	12
3.1.3 Andre tema, kommentarar .....	14
3.2 Praktiske forhold rundt opplæring .....	14
3.3 Kjøp av tenester .....	16
3.4 Framtidig drift og produksjonar.....	18
3.5 Hindringar for utviklingstiltak .....	19
3.6 Aldersskilnader .....	20
3.7 Kjønnsskilnader .....	21
4 SVARA REGIONVIS .....	23
4.1 Sunnhordland .....	23
4.2 Hardanger.....	24
4.3 Bergen og omland .....	25
4.4 Voss og omland.....	26
4.5 Nordhordland .....	27
5 OPPSUMMERING .....	29
REFERANSAR .....	31
OVERSIKT OVER VEDLEGG A .....	33



# Samandrag

---

Denne undersøkinga gjekk føre seg våren 2008. Tema for undersøkinga var opplæring, kjøp av tenester og hinder for bønder i Hordaland fylke. Hensikta var å kartleggja i) kva gardbrukarane hadde for ønske til opplæring, ii) kva opplæringsformer som var aktuelle, iii) kva type tenester gardbrukarane var mest interesserte i å kjøpa, iv) framtidig drift, og v) kva gardbrukarane såg som dei største og viktigaste hindringane for å utvikla eigedommen og gardsdrifta.

Undersøkinga vart initiert og sett i gang av Fylkesmannens landbruksavdeling i Hordaland. Skjema vart distribuert via fagblad. NILF har hatt arbeid med oppstilling og analyse. Om lag 5 prosent av bøndene i Hordaland svarte på undersøkinga. Interessa for temaa i undersøkinga blant dei som svarte, var høg. Respondentanes alder, kjønn og region vart kartlagt for å kunne gje ei så god framstilling av ønskja som mogleg og for å kunne leggja til rette for tilpassa opplæring.

Generelt syner resultata at det er etterspørsel etter opplæring i eksisterande produksjonar. For dei ulike regionane i fylket er det noko ulike ønskje. Ønskja reflekterer i stor grad dei skilnadene i produksjon ein ser i dag.

Kategorisering av svara på kjønn og alder viste små skilnader når det gjaldt ønskje for opplæring innan meir tradisjonelle produksjonar. For Andre tema, ofte knytt til nye produkt og produksjonsmetodar, var det større skilnad. Kvinner hadde større interesse for opplæring innan Inn på tunet, besøksgard og gardsbarnehage. Menn hadde større interesse for opplæring innan enklare driftsformer husdyr, bioenergi og minikraftverk. Dei yngre brukarane, uansett kjønn, hadde relativt sett størst interesse for restaurering av bygningar, skjøtsel av beite, jordarbeiding, minikraftverk og Inn på tunet. Dei mellom 31 og 50 år hadde størst interesse for opplæring innan skjøtsel av beite, jordarbeiding, enklare driftsformer husdyr, bioenergi og minikraftverk. Gruppa mellom 51 og 66 var mest interessert i skjøtsel av beite, enklare driftsformer husdyr og turisme og reiseliv. Noko overraskande var det at ingen av dei unge gav uttrykk for at dei ønskte opplæring innan turisme og reiseliv.

Kartlegginga av kva tenester gardbrukarane kunne tenkja seg å kjøpa, viste ei rad av aktuelle tenester. Etterspurnaden var særleg stor til praktiske gjeremål, mindre til administrative tenester utanom rekneskapsføring.

Dei som svarte på undersøkinga, vil halda fram med gardsdrift. Fleire ønskjer å utvida drifta. Utvalet var noko lite til å trekka signifikante konklusjonar om dette er ei representativ haldning for fleirtalet av gardbrukarane i fylket. Det er mogleg at det er ei skeivheit i utvalet i retning av utviklingsoptimistiske bønder. Likevel, den positive haldninga til vidare drift inkluderer satsing på eit breitt spekter av tilleggsnæringer.

Det vart lista åtte potensielle hindringar for å utvikla eigedommane. Finansiering og usikre rammevilkår var dei to største hindringane. Dernest kom omstendelege byråkratiske prosesser, tilgang til areal og tilgang til arbeidskraft. Her var det noko regionale skilnader. I regionar kor nedgangen i tal bruk har vore stort, i Sunnhordland og Nordhordland, svarte noko overraskande kvar tredje respondent at tilgang til areal var eit stort hinder for å utvikla eigedommen. Når det gjaldt tilgang til arbeidskraft var det eit særleg stort hinder i Hardanger.

I tillegg til det som vert presentert i sjølve rapporten, finn ein i vedlegga tabellar med kommentarar og søylediagram som syner resultata meir inngåande.



# 1 Innleiing og bakgrunn

---

Fylkesmannens landbruksavdeling, Innovasjon Noreg, Norges Bondelag, Norsk bonde- og småbrukarlag og forsøksringen i Hordaland ønskte å kartlegga kva interesser, ønskje og behov bønder i Hordaland har for opplæring og tenester.

For at den enkelte bonde skal få eit best mogleg tilbod om kurs, etterutdanning og kjøp av tenester spurde vi bønder i Hordaland om dette. Kva ønskete dei å læra meir om? Kva opplæringsform passa best? Kva tenester kunne dei tenkja seg å kjøpa? I tillegg spurde vi kva dei såg på som dei største hindringane for å utvikla gardseigedomane.

Undersøkinga kan ha stor interesse akkurat no i forbindelse med at Fylkeskommunane no overtek ansvaret for opplæring og kompetanseutvikling av landbrukssektoren i frå 1. januar 2010.

Hordaland er eit fylke med stort mangfold med omsyn til forholda for jordbruksproduksjon. Klima, topografi og jordsmonn varierer rundt i fylket. Yttarst langs kysten ligg det til rette for andre produksjonar enn i fjordane og opp mot fjella.

Hordalandsbonden har opp gjennom historia alltid vore ein mangesyslar. Han har ikkje spesialisert seg på éin produksjon, men har brukt jorda og arbeidskrafta på ulike produksjonar både på og utanfor eigedommen. I tillegg til å vera matprodusentar og tenesteleverandørar er bondene viktige identitets- og kulturberarar. Slik sett har gardbrukaren fleire funksjonar, eller roller, i samfunnet. Ein brukar gjerne omgrepet multifunksjonelle bønder.

Jordbruksareala på brukena er jamt over små, og topografien har, særleg i tidlegare tider, gjort transport vanskeleg og tidkrevjande. Bøndene har nytta jorda og dei andre ressursane på eigedomen ulikt avhengig av lokale forhold og av avstand til marknader. Tidlegare hadde strilane rundt Bergen større moglegheiter enn bønder i meir perifere område. Ein annan faktor er kva andre moglegheiter og ressursar ein har utanom jordbruk. Ved kysten dreiv bøndene fiske, langs fjordane kunne bøndene ha omfattande vedhogst som kunne fraktast på store vedabåtar til byen, og dei utnytta fossar og elvar til sager og møller, i innlandet kunne fjellet og store utmarksområde nyttast til seterdrift og jakt.

Det er ingen klare skiljelinjer mellom regionane i fylket. Same kor ein er i fylket er det aldri langt til sjøen eller opp på fjellet. Likevel er det ein del regionspesifikke skilnader. Det har mellom anna utvikla seg ulike teknikkar og tradisjonar knytt til konservering og foredling av mat. Det er mange lokale, og regionale spesialitetar med ulike tilberedingsmåtar og smakar.

Samfunnet endrar seg, og med det folks behov og moglegheiter. Ei hovudendring i forhold til tidlegare tider er at transporten har flytta seg frå sjøen til landjorda og auka i omfang. Nye transportårer og betra mobilitet har opna for gardsrestaurantar langs riksvegane, tilbod om hesteriding i Åkrafjorden<sup>1</sup> og rorbuutleige på Bømlo – for å nemna nokre døme på nye tilleggsnæringer på gardsbruk i fylket.

Ny teknologi har frigjort arbeidskraft som før var bunden i tidkrevjande produksjonsprosessar. Det ein storfamilie kunne brukha veker på å hausta tidlegare, kan i dag éin person gjea på eit par dagar. Moglegheiter for lønnsarbeid utanfor bruket er vorte mykje betre. I dag er det mange som kombinerer gardsarbeid med noko heilt anna, medan andre nyttar den frigjorde tida til å driva alternative næringar på eigedommen (tilleggsnæringer). Tilleggs-

---

<sup>1</sup> Smiedal Gardsferie tilbyr mange aktivitetar med Åkra som utgangspunkt.

næringer kan til dømes vera inn på tunet-verksemd – eit tilbod til skule- eller helseektoren – eller Grønt reiseliv og gardsturisme som kombinerer tenesteyting, mat og opplevingar.

Dei nye tidene med ny teknologi, betra transport, nye behov og nye moglegheiter har viska ut nokre av skiljelinene mellom regionar innanfor fylket som gjorde seg gjeldande tidlegare. Likevel er det framleis distinkte skilnader med omsyn til jordbruksdrift og utnytting av ressursar på gardane. Her spelar truleg produsentmiljø, topografi og tilgang på alternative jobbar ei rolle. I dag finn vi mykje produksjon av mjølk i Voss og Etne, sauehald i Nordhordland, fruktdyrking i Hardanger og eit villsaumiljø på dei ytre øyane.<sup>2</sup> Tradisjonar med omsyn til foredling av mat og andre tradisjonar med omsyn til gardsdrifta har tatt seg opp igjen mange stader.

Skiljelinene med omsyn til aktivitetar på gardsbruk gjer seg gjeldande òg i dag. Det syner denne undersøkinga. Den geografiske plasseringa har mykje å seia for skilnadene. Vi har valt å dela fylket i fem regionar.

Vi presenterer først resultata med kommentarar samla frå heile fylket. Deretter presenterer vi resultata for dei ulike regionane i fylket. Den regionale inndelinga er mellom anna gjort på grunn av reisetider innan fylket. Eit opplæringstilbod som føreset at deltakarane er fysisk på same stad, vil ha eit avgrensa geografisk nedslagsfelt.

Som ein vil sjå er det visse skilnader frå region til region. For styresmakter og andre vil det vera interessant å sjå korleis svara varierer innanfor eit fylke. Dette kan ha relevans for framtidige undersøkingar som søker å kartleggja ønskje frå næringa for å imøtekomma desse i utforming av politikk og tiltak. Den samla oppstillinga er interessant som eit overordna perspektiv. Under former for opplæring vart det spurt om moglegheiter for opplæring over internett. Internettkurs kan leggast opp for heile fylket. I tillegg til den regionale inndelinga vil vi sjå på skilnader mellom aldersgrupper og kjønn.

Til slutt vil vi trekkja nokre konklusjonar i forhold til kva bønder i Hordaland ønskjer å læra meir om, korleis opplæringa kan leggjast opp, kva type tenester dei kan tenkja seg å kjøpa og kva dei meiner er viktige hindringar for utvikling av eigedommen og drifta. Med bakgrunn i undersøkinga vil vi òg seia noko om lokale skilnader og kva implikasjonar det kan gje for forvalting og framtidige undersøkingar.

---

<sup>2</sup> Norsk Villsaulag BA held til i Austevoll kommune.

## 2 Gjennomføring og metode

---

Vi ønskte altså å kartleggja kva ønskje gardbrukarane i Hordaland har om opplæring, kva type tenester dei kan tenkje seg å kjøpa og kva hindringar dei opplever i forhold til utvikling av eigedommane og gardsdrifta. For å få kunnskap om dette vart det utarbeida eit spørjeskjema som vart sendt ut som innlegg i tidsskrifta Vestlandsk landbruk og Bondevennen<sup>3</sup>. Utsendinga skjedde i midten av mars i 2008. Skjemaet inneheldt fem hovudspørsmål i tillegg til ein seksjon med fakta om bruket og brukaren. Spørjeskjemaet er å finna i vedlegget.

Det er om lag 3 100 landbruksføretak som søker om produksjonstilskot i Hordaland fylke. Ein del av desse føretaka skjøttar fleire landbrukseigedommar. I tillegg til desse føretaka, er det drift på fleire landbrukseigedommar som ikkje vert fanga opp i dei offentlege statistikkane. Dette kan dreia seg om gardsdrift som er i for liten skala til å gje rett på tilskot, driftsformer som ikkje er omfatta av tilskotsordningane, eller at ein rett og slett ikkje søker om tilskott. Spørjeskjema vart distribuert som innlegg i Vestlandsk landbruk og Bondevennen. Vestlandsk landbruk vart i 2008 distribuert til 4080 mottakarar i Hordaland. Bondevennen hadde på same tidspunkt 499 abonnentar i Hordaland. Bondevennen dekker områda sør for Hardangerfjorden og Vestlandsk landbruk går til resten av fylket. Spørjeskjemaet var førehandsfrankert for enkelt å kunna sendast inn.

Det vart nytta eit strukturert spørjeskjema med ein kombinasjon av spørsmål med lukka svaralternativ og spørsmål med opne svar der respondentane vart bedne om å skriva svara i blanke felt. På spørsmåla med lukka svaralternativ var det plass til å skriva andre alternativ om dei oppgitte ikkje passa eller om ein hadde kommentarar. Skjema og svaralternativa var utarbeida av FMLA Hordaland i samarbeid med Innovasjon Noreg. Det at det var relativt få som nytta seg av høvet til å nemna andre alternativ enn dei oppgitte, tyder på at svaralternativa i stor grad vart opplevde som uttømmande. Respondentane vart spurde om kva dei ønskte å læra meir om i forhold til tradisjonelle produksjonar og andre tema, praktiske forhold knytt til opplæring, kjøp av tenester, framtidsplanar og hindringar. I tillegg vart respondenten beden om å oppgje i kva region i fylket bruket var plassert, om inntektsdelen frå bruket, kjønn og alder.

Alle som sende inn skjema vart med i eit lotteri der det vart trekt 10 vinstar med ein verdi på kroner 4 000 kvar.

### 2.1 Kven svarte på undersøkinga?

Det kom inn i alt 145 svar. Dette er rundt 5 % av gardsbruka i fylket. Svarprosenten er låg. Det kan tyde på at interessa omkring temaa for undersøkinga er noko låg. Måten skjema vart distribuert på har noko å sei. Brukarane vart ikkje kontakta direkte. Det er nok ikkje alle mottakarane som les Bondevennen eller Vestlandsk landbruk like etter at det kjem i posten. Sjølv om nær alle gardbrukarane i fylket mottar eit av blada, har nok ikkje alle vore klar over undersøkinga. Svarprosenten er dermed noko misvisande for denne typen distribusjon av

---

<sup>3</sup> Vestlandsk landbruk er eit fagblad eigd av Nortura, Tine Meieriet Vest, Felleskjøpet Agri, Forsøksringane, Sogn og Fjordane Skogeigarlag og Skogeigarlaget Vest.

Bondevennen er eit fagblad eigd av Felleskjøpet Rogaland Agder, Nortura og Tine.

spørjeskjema. Men ein kan venta at det er dei som er mest interesserte i satse framover, som blir med på ei slik undersøking. Nedanfor omtalar vi ulike karakteristika ved dei som svarte.

### 2.1.1 Kjønn

Av dei 145 som svarte, var det 109 menn og 33 kvinner. Tre kryssa av for både mann og kvinne. Truleg er det par som har fylt ut skjemaet saman. Altså var 77 prosent av dei som svarte menn. Av dei som søker om produksjonstilskot i Hordaland, er om lag 85 prosent menn og 15 prosent kvinner. Det var altså litt større del kvinner som svarte på skjemaet i forhold til kjønnsfordelinga for produksjonstilskot. Mange gardsbruk er eit samarbeidsføretak mellom mannen og kvinnen på garden, sjølv om føretaket er ført opp som eit enkeltmannsføretak for mannen.

### 2.1.2 Alder

Respondentane vart bedne om å oppgje kva aldersgruppe dei tilhørde. Personane fordelte seg som i tabell 2.1.

Tabell 2.1 Alder på respondenten

Alder	Tal	Del
18–30	11	8 %
31–50	78	54 %
51–66	50	34 %
67+	5	3 %

Av dei som søker om produksjonstilskot i fylket, er om lag 48 prosent under 50 år, 47 prosent mellom frå 50–66 år og 5 prosent over 67 år. Det var såleis fleire yngre som svarte på undersøkinga i forhold til aldersfordelinga hjå dei som søker om produksjonstilskot.

Vi vil undersøkja om alder har noko å seia for svara i kapittel 3.6.

### 2.1.3 Inntekt frå bruket

Mange bønder i Hordaland har lønsarbeid eller anna inntekt utanom bruket. Tabell 2.2 syner kor stor del av inntekta som kom frå bruket. Dette er den delen brukaren sjølv gav opp. Det vart ikkje presisert om inntekta kom frå jordbruksdrift eller frå tilleggsnærings. Tala er ikkje kontrollerte mot tal frå likning<sup>4</sup>.

<sup>4</sup> Knutsen et al. (2008) har vist at det kan vera skilnad mellom inntektsfordelinga som vert oppgjeven og den som kjem fram i likning.

**Tabell 2.2** Del inntekt frå gardsbruket

Inntekt frå bruket	Tal	Del
0–30 %	59	42 %
30–60 %	21	15 %
60–100 %	47	34 %
Subsidiert	11	8 %
Ute av drift	1	1 %
Svar i alt	139	100 %

Det kan vera noko uklart med kva som meines med subsidiert i denne samanhengen. Slik det var meint var det at drifta på bruket går med underskott og at bruket får tilført pengar frå inntekter på arbeid utanfor bruket. Vi vonar deltakarane oppfatta dette slik det var meint. Vi har ikkje tal når det gjeld inntekt frå landbruksnæring versus inntekter frå anna næring og lønsinntekt for gardbrukarar i Hordaland fylke, og kan såleis ikkje seia noko sikkert om korleis fordelinga i tabellen harmonerer med populasjonen.

### 2.1.4 Region

Vi vil i dei seinare kapitla presentere svar frå dei einskilde delane av fylket. Her er ei oversikt over kva region respondentane kom frå.

**Tabell 2.3** Regional fordeling av respondentar

Region	Tal	Del
Sunnhordland	27	19 %
Hardanger	38	26 %
Voss og omland	39	27 %
Bergen og omland	25	17 %
Nordhordland	16	11 %
Tal svar	145	100 %

Dette er om lag som fordelinga av landbruksføretak i fylket når ein samanliknar med føretak som søker om produksjonstilskot. Det var litt større svarprosent i Hardanger og Voss og omland og litt færre i Nordhordland enn den fordelinga ein finn for produksjonstilskot. Søkjarane av produksjonstilskot var i 2008 fordelt slik i fylket: Sunnhordland 21 prosent, Hardanger 23 prosent, Voss og omland 23 prosent, Bergen og omland 17 prosent og Nordhordland 17 prosent (FMLA-Hordaland).

Trass i låg svarprosent er det mogleg at fordelinga i fylket speglar korleis bøndene i regionen ser på framtida for landbruket. Personar som vel å svara på ei undersøking om opplæring, er moglegvis slike som ønskjer å satsa på landbruket eller halda fram med drifta. Det kan då tenkjast at det er noko større optimisme i dei indre stroka enn i Nordhordland. Del nedlagde gardar er relativt sett stor i Nordhordland.



## 3 Hordaland samla

---

I dette kapitlet vil vi presentere resultata for fylket samla og sjå på resultat for aldersgrupper og kjønn. Både resultata og undersøkinga i seg sjølv vil ha interesse utover fylket. Om resultata varierer mellom ulike delar av fylket, er det eit viktig resultat. Vi vil først sjå på kva bønder ønskjer å læra meir om. Deretter vil vi sjå på svar i forhold til opplæringsform, kjøp av tenester, framtidig drift og hindringar for utviklingstiltak.

Undersøkinga gir ein del svar når det gjeld ulike interesser på tvers av alder og kjønn. Hadde utvalet vore større, kunne ein gjort meir spesifikke analysar. Eksempelvis kva ønskje yngre kvinner hadde for utdanning, om eldre kvinner såg andre hindringar enn yngre kvinner, eller om yngre menn ønskte andre tenester enn eldre menn. Her har vi gjort ein del analyser som det med bakgrunn i utvalet er rimeleg å seja noko om. Likevel må ein ha i bakhovudet at tal respondentar er noko lite i enkelte grupper. Den eldste gruppa gjer vi ingen separate analyser for grunna få observasjonar.

Før vi presenterer svara frå undersøkinga, vil vi gje ein kort presentasjon av Hordaland fylke knytt til rammene for landbruksdrift.

Hordaland er eit mangslunge fylke med omsyn til forholda for jordbruksproduksjon. Klima, topografi og jordsmonn er ulikt frå kommune til kommune og frå bygd til bygd. Berre 2,8 prosent av arealet er jordbruksareal (SSB, 2007). Mesteparten av arealet i fylket er fjell og bratt kupert med skrinn jord som det ikkje er mogleg å dyrka. Den dyrkbare jorda finn ein langs kysten i fjordane og i dalbotnane.



*Figur 3.1 Kart over Hordaland*

*Kjelde: Fylkesmannen i Hordaland*

Hordaland er eit kystfylke. Alle dei 34 kommunane i fylket grensar til saltvatn, og 14 av dei er reine øykommunar. Klimaet på øyane og langs kysten er prega av vindar frå vest og regnbyger. Det er milde vintrar og kjølege somrar. Topografien er småkupert med enkelte høge fjell. Det er mykje nake fjell og tynt jordsmonn. Lenger inn i landet blir fjella høgare og dalane djupare. Dette er det typiske fjordlandskapet. Den fuktige lufta som kjem med vestavindane, hopar seg opp når den møter det meir massive fjellandskapet, og det fell mykje nedbør. Det fell mindre nedbør i dei områda som ligg i le bak fjella, spesielt aust for Folgefonna (eKlima, 2009). Vintrane er relativt milde og det er lite frost i dei lågareliggjande områda der mesteparten av gardane ligg. Lenger aust i fylket er det dalar og høgfjell med eit utal vatt og elvar. Dalane er ofte i forlenginga av fjordane, med mange sidedalar med ulik høgd over havet. Fjella vert høgare jo lenger aust i fylket ein kjem, og får meir preg av høgfjellsplatå. Heilt i aust ligg Hardangervidda (eit stort høgfjellsplatå) med Hardangerjøkulen. I desse fjellområda er det høgfjellsklima med lange vintrar, mykje snø og korte somrar.

I grove trekk kan ein seia at dei naturgitte forholda endrar seg langs to aksar: frå ytre til indre delar av fylket og frå fjord til fjell. I tillegg er det meir lokale skilnader knytt til jordsmonn, bergartar og hellingsgrad i landskapet. Føresetnadene for landbruksproduksjon er difor ulik i ulike delar av fylket. Det ligg til rette for andre produksjonar langs kysten enn i

fjordane og innlandet. Landbruksdrifta set sitt preg på landskapet, og ein kan observera korleis landskapet endrar karakter ettersom produksjon og produkt endrar seg.

Grunnlaget for tilleggsnæringer er òg ulikt. Dette heng mellom anna saman med produksjonen i landbruket og geografisk plassering. Den geografiske plasseringa er mellom anna viktig i forhold til marknaden – om det er ein by eller tettstad i nærleiken, om det går ein riksveg forbi gardstunet, eller om det er ein foss, ein bre, eit fiskevatn eller ein spektakulær fjelltopp i nærleiken. Kulturlandskapet kan være ein attraksjons i seg sjølv. I Hordaland er det etablert landskapsparkar der ideen er næringsutvikling bygd på verdien av kulturlandskapet.


## 3.1 Kva ønskjer ein å læra meir om?

Bøndene vart spurta om kva dei ønskjer å læra meir om. Dei vart presenterte for to lister der dei kunne kryssa av inntil tre tema for kvar liste. Dei vart ikkje bedne om å prioritera mellom listene eller på kvar liste (1,2,3). Det var i tillegg høve til å notera andre tema som ikkje var på listene. Ein del nytta dette høvet til å nemna fleire tema frå listene som dei ikkje kunne kryssa av før, sidan det berre var høve til å setja tre kryss. Det var altså ein del som gjerne ville ha tilbod om mange kurs.

### 3.1.1 Tradisjonelle produksjonar

Lista med tradisjonelle produksjonar inneheldt 21 produksjonar. Lista inneheldt ulike dyreproduksjonar, planteproduksjonar og skogsproduksjonar. Dette er dei produksjonane mange først og fremst tenker på når ein ser på gardsdrift som ein primærproduksjon, og bonden som produsent av råvarer. Figur 3.2 under syner tal kryss på dei tema ein ønskte å læra meir om. Ein kunne setja inntil tre kryss. Det var to som ikkje sette kryss på nokon av dei tradisjonelle produksjonane – berre på Andre tema. Dei aller fleste kryssa av for tre tema. Totalt var det 390 kryss, 2,7 kryss i gjennomsnitt per respondent.

**Tradisjonelle produksjonar - frekvensdiagram**




*Figur 3.2 Ønske om opplæring tradisjonelle produksjonar – Hordaland*

Av stolpediagrammet ser ein at flest bønder ønskjer meir kunnskap om dei store produksjonane i fylket dei siste tiåra. Når det gjeld landbruksproduksjon, ønskjer bøndene i første rekke å bli betre på den drifta dei har i dag. Om ein reknar prosent avkryssingar i forhold til tal respondentar, finn ein at 47 prosent ønskjer å læra meir om småfeproduksjon, 43 prosent om gras- og fôrproduksjon, 24 prosent om mjølkeproduksjon og 21 prosent om storfeproduksjon. Det er også relativt stor etterspørsel etter opplæring i skogdrift og utnytting av skogareal. 23 prosent av respondentane ønskjer å læra meir om vedproduksjon, 17 prosent om tømmer, 16 prosent om juletre og pyntegrønt og 12 prosent om etablering av skogsveg.

### 3.1.2 Andre tema – tilleggsnæringer

Lista med Andre tema inneholdt emne og aktivitetar knytt til eit spekter av syslar. Ein kan dela desse temaa inn i: administrative styringsreiskapar og rutinar, nye gardsbaserte tenestetilbod, foredling av råvarer, vedlikehald og restaurering – tømring og mekanikk, energiproduksjon – vatn og biomasse (ved, flis), ulike samarbeidsformer mellom bønder – horizontal integrasjon, alternative driftsformer knytt til økologi, attgroing – beiteskjøtsel og jordarbeidning. Det var lista opp i alt 34 ulike tema. Det var noko fleire avkryssingar på desse temaa enn på dei tradisjonelle, 404 kryss. Alle hadde minst eit kryss, og det var 2,8 kryss i gjennomsnitt. Svara fordele seg som følgjer:

**Andre tema - frekvensdiagram**



*Figur 3.3 Ønskje om opplæring Andre tema – Hordaland*

Det var relativt stor spreiling i kva Andre tema respondentane kunne tenkja seg å læra meir om. Likevel, det flest ønskte å læra meir om, var tema knytt til jordbruksdrift og arealforvalting. Om ein reknar prosent avkryssingar i forhold til tal respondentar, finn ein at 31 prosent kryssa av for skjøtsel av beite, 19 prosent jordarbeidning og 14 prosent for korleis hindre attgroing. I forhold til alternative driftsformer så kryssa 18 prosent av for enklare driftsformer husdyr, 15 prosent for økologisk landbruk, 6 prosent for plantevernintegritt landbruk, 6 prosent for sauahotell, 4 prosent for lausdrift og 3 prosent for samdrift mjølkeproduksjon.

Energiproduksjon er det ein del som ønskjer betre kunnskap om. Det var 23 prosent som kryssa av for vedproduksjon i dei tradisjonelle temaa, medan 16 prosent kryssa av for bioenergi og 13 prosent for minikraftverk under Andre tema.

Det er også noko interesse for kursing i foredling av eigenproduserte råvarer. I alt 12 prosent kryssa av for heimeslakt, 8 prosent for foredling av husdyr og vilt, 8 prosent for foredling av frukt og bær og 3 prosent for ysting. Dette er nisjeproduksjonar som er i vekst i fylket.

Kurs i vedlikehald og restaurering var til ein viss grad etterspurt. 8 prosent kryssa av for vedlikehald av bygningar, 8 prosent for vedlikehald av maskiner og 7 prosent for restaurering

av bygningar. Det var altså til saman 15 prosent som kryssa av for anten restaurering eller vedlikehald av bygningar. Det var overvekt av eldre som ville ha opplæring i vedlikehald, og overvekt av yngre som ønskte opplæring i restaurering.

Det var få som kryssa av for at dei ønskete opplæring i administrasjon knytt til gardsdrifta, utanom opplæring innan rekneskap som 10 prosent kryssa av for.

Det verkar som om bøndene i fylket ønsker å læra meir om korleis ein betre kan driva eksisterande produksjonar på ein alternativ måte og korleis ein kan skjøtta areala betre.

### 3.1.3 Andre tema, kommentarar

Respondentane vart spurde om det var andre tema (enn dei som var lista opp) dei kunne tenkja seg å læra meir om. 16 personar nytta høvet til å føra opp fleire tema frå dei oppsette listene i og med at det bare var tillate å velja inntil tre tema i listene med tradisjonelle produksjonar og Andre tema. 18 personar kom med nye tema dei meinte var aktuelle for opplæring. Desse tema er lista opp nedanfor. Ei liste med alle tema og kommentarar er i vedlegg 2.

Tabell 3.1 Andre opplæringstema og kommentarar

---

Gammal (eldre) matkultur som kunne brukast som attåtnæring, kanskje i turisme eller skule og barnehage.

Hjort som problem. Hjort som ressurs.

Ammekuproduksjon.

Tilskotsordningar, byråkratiske prosessar.

Andre handverk relaterte til gardsdrift, dvs. ull-, trearbeid (f.eks. einer, vev, spinning).

Kystfiskar/småbruk (vekselbruk).

Lausdrift, robotmjølking.

Sjukdomsførebygging.

Sprengingsteknikk, opplæring i saueklipping.

Ressursar i utmark.

HMS-kurs for utanlandske arbeidrarar f.eks. Litauen – Polen.

Kompostering, urter.

Produksjon av enkle treprodukt «husflid».

Gjerdehald/gjerdeplikter/-lover.

Korleis få viktige innspel føre jordbruksstingingane? Korleis nå fram for ikkje-organiserte?

Skjøtsel av llyngheti.

Bruk og skjøtsel av gamle reiskap/verktøy som enno med fordel kan nyttast på gardane (f.eks. ljå og øks).

Korleis gjera eldre driftsbygningar tenlege for moderne landbruksmask. m/eigeninnsats.

---

## 3.2 Praktiske forhold rundt opplæring

Det er viktig at kursa vert innretta på ein måte som gjer at så mange som mogleg av dei som ønsker å vera med på kurs, kan delta. I tillegg til å få informasjon om kva *tema* brukarane finn interessante, vil kurshaldarar også gjerne ha informasjon om kva potensielle kursdeltakarar meiner om den praktiske gjennomføringa av opplæringa – helgekurs, kveldskurs, bruk av IKT, osv. Respondentane vart spurde om fem aktuelle og ikkje-aktuelle opplæringsformer, dei vart spurde om dei var villige til å betala eigendel, og dei vart bedne om å komma med kommentarar til forholda rundt opplæring.

Det er spesielt viktig å få informasjon om kva opplæringsformer det *ikkje* er mogleg for brukarane å ta del i. Tabellen under syner moglege og ikkje-moglege opplæringsformer.

**Tabell 3.2 Moglege opplæringsformer**

	Tal svar	Mogleg	Ikkje-mogleg
På dagtid	127	59 %	41 %
På kveldstid	130	88 %	12 %
Helgekurs	128	78 %	22 %
Over internett	132	91 %	9 %
I studiering	122	85 %	15 %

Svara syner at brukarane samla sett er ganske fleksible på førehand til opplæringsform. Det var flest som syntest det var uaktuelt å ha opplæring på dagtid, men likevel var det aktuelt med kurs på dagtid for nesten 60 prosent av dei som svarte på spørsmålet. Heile 91 prosent meinte at undervisning over internett var ei mogleg opplæringsform. Der spelar ikkje den geografiske plasseringa noko rolle. Elles syner resultata at kveldskurs er aktuelt for fleire enn både kurs på dagtid og i helgar. 85 prosent meinte at det kunne vera aktuelt å vera med i studiering.

I kommentarane til forholda rundt opplæring var det ein del som nemnde at det måtte leggjast vekt på praktisk opplæring. Det er mogleg å sy fleire opplæringsformer inn i eit undervisningsopplegg. Ein kan til dømes ha felles teoriundervisning over internett, kombinert med praktiske øvingar på ulike stadar i fylket.

På spørsmål om respondentane var villige til å betala eigendel, svarte 87 prosent at dei var villige til det. I spørsmålet var det ikkje sagt noko om storleik på eigendelen. Når det er snakk om eigendel, handlar det om at brukarane betaler *ein del* av kostnadene. Implisitt i dette ligg det at nokon andre betalar deler (mesteparten) av kostnadene. Sidan undersøkinga var gjennomført av Fylkesmannens landbruksavdeling, er det rimeleg at dei har FMLA eller ein annan offentleg institusjon i tankane som betalar av delar av kostnadene med å halda kurs. Svara viser at dei langt fleste ikkje oppfattar det som urimeleg å betala ein sum for å få delta på kompetansehevande kurs.

I tillegg til avkryssingsspørsmåla vart respondentane spurde om dei hadde kommentarar til forholda rundt opplæring, og 31 personar gav kommentarar. Det kom mange konkrete forslag til korleis opplæring kan organiserast.

Det var ein del som kommenterte at kursa burde gå føre seg i distrikta, at dei måtte vera relevante og at dei måtte ha nytteverdi. Fleire nemner at forsøksringane og jordbrukskular kan vere gode samarbeidspartnerar i høve til den praktiske gjennomføringa og for å sikra god kompetanse på kurshaldarar. Nokre kommentarar framheva det sosiale i det å delta på kurs. Å komma saman på kurs med andre interesserte brukarar kan ha ein eigenverdi. Ein kursarena er ein møteplass og eit høve til å utvikla kameratskap og nettverk mellom bønder. Alle svara er lista i vedlegg 1 i notatet. Her viser vi nokre interessante kommentarar.

**Tabell 3.3 Kommentarar til opplæring**

---

Viktig å skape entusiasme, spreie kunnskap i forkant.
Dersom eigendel, må han vere billeg. Studiering er bra med gardsbesøk for læring av andres gode og dårlege val.
Samarbeid f.eks med forsøksring eller vidaregåande skule.
Om ein skal ha opplæring på dagtid, så må dette vera på lett tilgjengelege kursstader. Intensive kurs kan gjerne leggjast på dagtid (mellan fôringane) alternativt må kurs leggast over fleire veker. Kvar dag kan bli for mykje.
Læraren må ha ein fagleg bakgrunn, praktisk og teoretisk, må vere engasjerande.
En kombinasjon av seminar og internett hadde vore gunstig.
Må gå føre seg i distriktet.
Må gå føre seg i tidsrommet okt.–feb.
Kort – intensivt.
Føretrekker samlingar. Der kan ein diskutere emne med andre delt.
Ein kombinasjon av kveldskurs og sjølvstudium over internett passar best.
Mest mogleg praktisk innretta.
Ynskjer meg korte kurs: 1 dag (4–5 t) med minst 1 time sosialt samver. Om innom ein avstand på 1 times køyring. Helst mellom fjøsstella, i nov.–mars (og sjølv sagt dei dagane eg ikkje er ute i kontorjobben min) Det er så jævla mykje ein skal rekka over, men viljen er der.
Opplæring må innehalde praktisk del.
Gode forelesarar. Prosjektoppgåver Tid til diskusjonar.
Eigendel må eventuelt vere symbolsk.
Forsøksringen eg er med i, er flinke til kurs.
Internettoppplæring bør kombinerast med anna opplæring.

---

### 3.3 Kjøp av tenester

Alle bønder er ikkje like gode til alt. Arbeidsoppgåvene for ein bonde er svært varierte. Ein bonde styrer eiga bedrift og produserer ulike gode. Gjeremåla kan endra seg mykje frå sesong til sesong og frå onn til onn. På eit bruk kan det vera oppgåver knytt til mekanikk, tømring, dyrehald, jordarbeiding, administrasjon, osb. Alle dei aktuelle tema for opplæring lista opp i spørjeskjema, illustrerer kompleksiteten i arbeidsoppgåvene på gardsbruk i Hordaland.

Spesialisert utstyr kan vera arbeidssparande, men utstyret kan vera dyrt, og handteringa krev ofte mykje opplæring og høg kompetanse. Mange bønder finn det difor formålstenleg å setja vekk ein del arbeidsoppgåver. Betra kommunikasjonar og transportmoglegheiter har gjort at det har utvikla seg ein marknad for å levera spesialiserte tenester til gardsbruk. Døme på slike tenester er rekneskapstenester, saueklypping, fosterteljing og uttak av tømmer. Respondentane vart spurde om dei, med bakgrunn i drifta på eigedommen, kunne tenkja seg å kjøpa tenester om dei var tilgjengelege.

Av dei 90 som svarte på spørsmålet, svarte 6 nei, 3 svarte kort ja, medan 81 svarte ja og presiserte kva tenester dei allereie kjøpte eller kunne tenkja seg å kjøpa. Det vil seia at 93 prosent av respondentane som svarte på dette spørsmålet, kjøpte og/eller kunne tenkja seg å kjøpa tenester om dei var tilgjengelege.

Tenester som går igjen er rekneskap, saueklypping, avløysar, rundballepressing, anna maskinarbeid, tømrararbeid, klauvskjering og fosterteljing. Alle svara som kom inn på dette spørsmålet, er å finne i vedlegg 3. Her listar vi opp nokre av svara:

Tabell 3.4 Kjøp av tenester

Sprøyting – brakking av ugras, saueklypping.
Desse 3 tenestene vert i dag kjøpte på bruket (rekneskap, spesialisert maskinarbeid og saueklypping). I tillegg, vert tømrar leigd inn til enkelte reparasjonar på bruket.
Fresing av gamal eng.
Eg kjøper tenester som rekneskap, saueklipping. Konsulenttenester kan eg vurdere å kjøpa dersom ein kan gå fleire saman.
Brukar rekneskapsførar. Leiger også gravemaskin når det er naudsynt. Brukar polakk i sesongen, men dette byrjar verta svært dyrt. Kunne tenkt meg å leiga tenester til jordarbeiding med maskinar eg ikkje har sjølve f.eks. rotorharv og steinriva.
Fjøsavløysing.
Betre tilgang på saueklipparar. Tilgang på fosterteljing.
Pakking av juletre på pallar.
Reparering og oppsetting av gjerde.
Kjøper i dag rekneskapstenester og rundballing.
Rundballing.
KSL føring.
Kjøper allereie saueklipping, rekneskapsføring og rundballepressing.
Jordarbeiding, steinplukkarutstyr.
Onnehjelp med erfaring – sjølvstendige maskinarbeidarar.
På dei fleste område.
Løysing av jorda med spademaskin.
Kjøper i dag rekneskap, saueklypping, slått og pressing, slangespreiing av gjødsel, føringsrådgjeving og EK i mj.prod.
I dag leiger eg rekneskapsføring, klypping, avløysar. Ynskjer meg nokon som kan pusse beitene som er for bratte for traktor. Nokon med 6-hjuling og beitepussar.
Klauvskjering, maling av bygningar, fjøsvask.
Grashandtering, brøyting.
Rydding av beite.
Rekneskap, gyllespreiing.
Rekneskap og anna papirarbeid.
Rundballing, jordarbeiding, sprøyting.
Fosterteljing, därleg tilgang på opplærde personar.
Taubanedrift. Gyllearbeid.
Spreiing av husdyrgjødsel, fôrhausting. Tenestene er tilgjenglege, men det blir eit spørsmål om pris.
Rekneskap, fører sjølv i år.
Jordbearbeiding ved fornying av eng.
Grashausting med eksaktsnittar.
Mange, men då må økonomien betrast. Elles avløysar og inn på tunet.
Saueklipping, traktorsprøyting av eng, grøfting av eng, bygging av traktorveg.
Slått i frukthagen, skjering av frukttre. Entreprenørarbeid m/reising av støtte- og dekkessystem i fruktproduksjon.
Taubanedrift tømmer.

Mange av desse tenestene er tilgjengelege allereie. Ein del seier at det er mange tenester dei kunne tenkja seg å kjøpa, men at det er eit spørsmål om pris. Likevel tyder svara på at det er

ein stor marknad for sal av tenester over eit breitt spekter. For ein del tenester vil sikkert marknaden vera avgrensa, men det kan vera verdfulle nisjar for spesialiserte entreprenørar.

### 3.4 Framtidig drift og produksjonar

For å få signal om utviklinga av Hordalandslandbruket og innblikk i korleis bøndene ser på framtida, vart det spurt om kva drift eller produksjonar ein såg det som realistisk at gjekk føre seg på bruket om fem år.

Her var det ope svaralternativ, og det kom i alt 135 svar. Så langt ein kan sjå frå lista, er det få som ventar seg store endringar. Ingen nemner eksplisitt at dei vil trappe ned drifta. Fire vil auka drifta og ein seier han vil doble produksjonen. I tillegg seier to at dei vil investera i mjølkerobot, og to andre nemner at det er realistisk for dei å gå inn i samdrift.

I vedlegg 4 er svara grupperte i ulike primærproduksjonar. I og med at mange oppgav ein kombinasjon av ulike produksjonar, er dei følgjande tala ei grovinndeling over det som vert oppgitt å vera realistiske produksjonar på gardane om fem år:

- 50 respondentar oppgav saueproduksjon – 13 av desse oppgav berre sau, resten kombinasjonsdrift
- 35 oppgav mjølkeproduksjon – som regel i kombinasjon med annan produksjon
- 13 oppgav ammekyr/kjøtproduksjon som dominerande produksjon
- 11 oppgav frukt og bær som primærproduksjon
- 3 oppgav geitemjølk – 2 av desse med eigen foredling av mjølka
- 2 oppgav gris
- 10 oppgav at drifta ville vera som no – utan å spesifisera.
- 1 oppgav uspesifisert samdrift
- 10 oppgav andre produksjonar – som regel kombinasjonar mellom reiseliv, husflid, foredling, etc.

Åtte respondentar sa det var realistisk at dei dreiv økologisk om fem år. Det utgjer 5,5 prosent. Vi veit ikkje kor mange av dei som svarte på undersøkinga som driv økologisk i dag, men totalt i fylket vert om lag to prosent av husdyrbruka drivne økologisk. Tolv oppgav at dei kunne komma til å驱iva med turisme, reiseliv eller overnatting i kombinasjon med andre driftsformer. Seks nemnde juletreproduksjon, fem nemnde Inn på tunet som ein sannsynleg aktivitet, seks nemnde skogs-/tømmerproduksjon og ti nemnde produksjon av ved/biomasse som sannsynlege produksjonar på bruket om fem år.

Elles vart følgjande aktivitetar oppgitte som realistiske: gardsbarnehage, besøksgard, gardsmat, foredling, ysting, selskapslokale, kraftverk, hest og utleige av stall.

Bøndene som svarte på undersøkinga, vil halda fram med gardsdrift. Fleire ønskjer å utvida drifta. Det kan diskuterast om denne haldninga er representativ for fleirtalet av gardbrukarar i fylket. Bønder som svarar på ei spørjeundersøking om opplæring og kjøp av tenester, er gjerne dei som sjølve er interesserte i dette. Bønder som ønskjer vidareutdanning innan landbruk, har naturleg nok ikkje planar om å leggja ned drifta i nær framtid. Den i hovudsak positive haldninga til vidare drift inkluderer satsing på eit breitt spekter av tilleggsnæringer.

### 3.5 Hindringar for utviklingstiltak

Dei som jobbar med landbruksforvaltning og landbrukspolitikk, ser ikkje nødvendigvis dei same utfordringane for landbruket som landbruksnæringa sjølv gjer. Ein ønskte difor å få ei oversikt over kva hindringar brukarane såg i forhold til utviklingstiltak på eigedommen.

Det vart lista åtte potensielle hindringar. I tillegg var det eit ope felt, der ein kunne lista hindringar som ikkje passa med kategoriane i lista. Det var ikkje lagt noko avgrensing på kor mange kryss ein kunne setja. Respondentane sette mellom null og fire kryss. Dei fleste kryssa av for to hindringar. I tillegg var det 28 som oppgav andre hindringar enn dei nemnde. Desse er lista i vedlegg 5.

Tabell 3.5 Hindringar for å setja i gang utviklingstiltak på eigedommen

	Tal kryss	Andel respondentar
Finansiering	72	50 %
Usikre rammevilkår	65	45 %
Mangel på samarbeidspartnarar	7	5 %
Arbeidskraft	32	22 %
Marknadstilgang/distribusjon	7	5 %
Omstendelege byråkratiske prosessar	38	26 %
Tilgang til areal	33	23 %
Forhold til nabobar	6	4 %
<b>Samla tal avkryssingar</b>	<b>260</b>	

Finansiering og usikre rammevilkår vart opplevde som dei største hindringane. Det var ikkje presisert kva som låg i «usikre rammevilkår», så det var opp til respondenten å leggja kva han ville i omgrepet. Det er likevel naturleg å tenkja seg at i denne samanhengen tenkjer ein på omskiftelege støtteordningar og usikre politiske forhold. I tillegg til at forholda rundt støtteordningane blir oppfatta som usikre, opplever ein del at omstendelege byråkratiske prosessar er eit hinder for å setja i gang utviklingstiltak på eigedommen.

Landbruket er ei næring styresmaktene har særlege interesser i. I og med at landbruket produserer nødvendige matvarer som er lite haldbare, er det i styresmaktene si interesse at produksjonen er stabil, og at ein dermed er sikra stabile forsyningar til forbrukarane. Samstundes med at styresmaktene kontrollerer produksjonen med omsyn til storleik og kvalitet, subsidierer dei næringa med store beløp. Når ein brukar store beløp på å subsidiara ei næring, må dei kontrollera bruken av midlane. Styresmaktene må sikra at midlane blir brukte på ein måte som gjev ønskete resultat. Samstundes er styresmaktene interesserte i å leggja forholda til rette for at dei som driv i næringa, skal kunne halda fram. Difor søker dei å regulera på ein måte som gjer at rammevilkåra og dei byråkratiske prosessane ikkje skal opplevast som tyngande. For produsentane vil offentleg inngrep i næringa ofte bli oppfatta som belastande. Krav om rapportering og krav om korleis ein skal driva, er skrankar for den enkelte produsenten. Dersom ein ikkje leverer søknader og rapporterer i samsvar med regelverket, får ein ikkje tilskott.

Rammevilkår, byråkratiske prosessar og til dels finansiering – sidan ein del av finansieringa i næringa er offentleg – er forhold som den offentlege landbruksadministrasjonen og sentrale politikarar er ansvarlege for. Balansen mellom krav til drifta og rapportering på den eine sida, og gode rammevilkår på den andre sida, er vanskeleg.

Grovt sett kan ein seja at landareal, kapital og arbeidskraft er innsatsfaktorane i landbruket. Brukarane opplever at alle desse produksjonsfaktorane er knappe, og at det er eit hinder for å

utnytta eigedommen. At kapitaltilgang vert opplevd som det største hinderet, er kan hende ikkje så rart, i og med at næringa er blitt meir kapitalintensiv enn tidlegare. Sjølv om trongen for arbeidskraft har minka, opplever 22 prosent at tilbodet av arbeidskraft ikkje er stort nok. Tal gardsbruk i fylket har minka jamt i fleire tiår. Dei attverande brukar er blitt større, og tilgang til leigejord har auka. Likevel opplever nær kvar fjerde respondent tilgang til areal som eit hinder.

Erfaringar frå Fylkesmannens landbruksavdeling tilseier at leigejord vanlegvis vert dårlegare skjøtta enn eiga jord. Årsaka til det kan vera relativt kortsiktige leigekontrakter og at ein ikkje kan tenkja så langsiktig som med eiga jord. Investeringar på leigearreal er meir risikofylte. Dyrking, vedlikehald av gode jordbruksareal og omlegging av produksjon er kostnadskrevjande. Det er stordriftsfordelar i jordarbeidning. Per dekar er det billegare å utvikla eit stort (samanhengande) areal enn eit lite areal. Omsetning av jordbruksareal er underlagt ei rekkje lovar og reglar, anten det gjeld sal av heile eller delar av eigedomen. Det kan føra til ei fordeling av jordbruksareal som ikkje er til det beste for den samla jordbruksproduksjonen. Det er rimeleg å anta at ein del bønder synes det er vanskeleg å få kjøpa det jordbruksarealet ein meiner at ein treng for å utvikla eigedommen slik ein ønskjer på tross av at det er unytta areal i nærlieken.

Av «andre hindringar» er det mange som nemner alder og uvisse kring generasjonsskifte. Dårleg økonomi er ein annan gjengangar. Små driftsoverskot gjer det vanskeleg å setja av midlar til framtidige investeringar.

Det er ulike syn på framtida og korleis livet som gardbrukar fortonar seg. Blant respondentane var det ein som etterlyste positivitet og at det er for mykje motbør, ein annan at eigen arbeidskapasitet og pågangsmot er hindringar for utvikling. Ofte vil det vera vanskeleg for den enkelte å peika på spesielle faktorar når det gjeld vidare drift og utvikling. Eit gardsbruk er stadbunde og er både ein buplass og ein arbeidsstad.

Ein påpeikar at han har sett i gang ulike tiltak som fungerer, og at han difor ikkje ser noko grunn til å setja i gang nye tiltak. Det er eit viktig poeng. Utvikling skal ikkje vera for utviklinga si eiga skuld (eit mål i seg sjølv). Om ein er nøgd med eigedommen og drifta slik ho er, så treng ein ikkje bruka tid og krefter på å leita etter nye tiltak å gå i gang med. Ein kan bruka ressursane på det ein driv med.

Ei tidligare spørjeundersøking av *risiko* i landbruket fann at politikk, eller forhold som var politisk styrte, vart oppfatta som viktigaste risikokilde (Lien et al. 2006, Flaten et al. 2005). Endringar i støtteordningar, endra skattesystem, variable mjølkepriser og usikkerheit omkring kvoteordningar var viktigare enn etterspørsel, risiko for dyre- og plantesjukdommar, og risiko knytt til vær. Oppfattinga av politiske forhold som kjelde til risiko gjaldt på tvers av bruksstorleik og alder på brukar. Det harmonerer med at 45 prosent nemnde usikre rammevilkår som eit hinder for å utvikla eigedommen. Det vart ikkje spurt direkte om lovar og reglar knytt til arealforvalting og -omsetning i Lien et al., men «andre lover og regler» scora høgt som ein viktig risikofaktor. Risiko handlar meir om negative hendingar knytt til å verna om *eksisterande* produksjonsnivå, medan hindringar for utvikling handlar om omlegging og auka produksjon.

## 3.6 Aldersskilnader

Har alder noko å seia for kva ein svarar? Har dei yngre andre ønskje enn dei eldre? Opplever dei andre hindringar?

Når ein deler dei innkomne svara etter alder på respondentane, vert det litt få i nokre grupper. Fordi det var få respondentar i nokre aldersgrupper, er skilnadene som kjem fram

ikkje nødvendigvis representative for heile populasjonen av gardbrukarar i Hordaland for den respektive aldersgruppa. Vi presenterer her skilnader ut frå dei som har svart på undersøkinga. Fordi det var så få respondentar i den eldste aldersgruppa, vert det ikkje presentert nokon eigen analyse for denne.

I vedlegg 6 finn ein diagram som viser skilnader på tvers av alder for alle opplæringstema. Her nemner vi hovudtrekka. Når det gjaldt opplæringstema, var skilnadene på tvers av alder generelt sett større for Andre tema enn for tradisjonelle tema.

Den yngste gruppa hadde relativt sett størst interesse for restaurering av bygningar, skjøtsel av beite, jordarbeiding, minikraftverk og Inn på tunet. Dei mellom 31 og 50 år hadde relativt sett størst interesse for opplæring innan skjøtsel av beite, jordarbeiding, enklare driftsformer – husdyr, bioenergi, minikraftverk, Inn på tunet, økologisk landbruk og korleis hindre attgroing. Gruppa mellom 51 og 66 år var mest interessert i skjøtsel av beite, enklare driftsformer for husdyr og turisme og reiseliv. Denne gruppa var også relativt sett meir interessert i bioenergi, korleis hindre attgroing og økologisk landbruk.

Det var den yngste gruppa som hadde størst interesse for opplæring innan restaurering av bygg, medan gruppa mellom 51 og 66 år hadde størst interesse for opplæring innan vedlikehald av bygningar. Det er mogleg at det samsvarar med dei behova desse gruppene ser som størst, ut frå deira ståstad. Dei yngste er i etableringsfasen, og føler trong til å restaurera bygg dei har overteke eller flytta inn i. Dei har langt perspektiv og er klare for store endringar. Dei mellom 51 og 66 år finn det naudsnyt med vedlikehald, men ikkje for store endringar. Aldersgruppa mellom 31 og 50 år har gjerne allereie restaurert, og har fokus på andre ting.

Når det gjeld interesse for opplæring i forhold til gardsbarnehage, besøksgard og Inn på tunet er det størst interesse i dei to yngste gruppene, aller størst er interessa for desse temaa i den yngste gruppa. Litt overraskande er det at det ikkje er interesse for opplæring innan turisme og reiseliv hos den yngste gruppa. Den største interessa for dette var i gruppa over femti år. Gardsturisme, gardsrestaurantar, landskapsparkar og andre tiltak for å tiltrekka seg turistar som søker å ta aktivt del i opplevingar og historie, har vore eit satsingsområde både for reiselivsnæringa, landbruksstyresmaktene og Innovasjon Norge. Dei meiner at det er godt høve for stabile tilleggsnæringsinntekter i reiselivsbransjen.

I gruppa mellom 51 og 66 år var det 10 prosent som ønska opplæring i generasjonsskifte, fordeling av verdiar og juridiske tilhøve.

Generelt var det relativt små skilnader mellom aldersgruppene når det gjeld ønskje om opplæring innan dei tradisjonelle tema. Den yngste gruppa var noko meir interessert i å læra meir om gras og førproduksjon, tømmer, frilandsgrønsaker og honningbier enn dei andre gruppene. Rangeringa for dei seks mest populære temaa for denne gruppa var: før og grasproduksjon, tømmer, småfe, mjølkeku, storfe og honningbier. For gruppa mellom 31 og 50 år var rangeringa: før og grasproduksjon, småfe, mjølkeku, ved, storfe, juletre og pynte-grønt. For gruppa mellom 51 og 66 år var rangeringa: småfe, før og grasproduksjon, tømmer, ved, etablering av skogsveg og storfe.

## 3.7 Kjønnsskilnader

I vedlegg 7 finn ein diagram som viser skilnadene for alle opplæringstema mellom kjønn i absolutte tal. Her referer vi hovudtrekka.

Det er skilnad mellom kjønna i kva type opplæring ein ønskjer når det gjeld Andre tema. Interessa for opplæring innan Inn på tunet, besøksgard og gardsbarnehage er mykje større for kvinner enn for menn. Òg når det gjeld opplæring innan vedlikehald av maskiner, heimeslakting og foredling av husdyr og vilt, er interessa større blant kvinner.

Menn har mykje meir interesse for opplæring innan enklare driftsformer husdyr, bioenergi, minikraftverk og vedlikehald av bygningar. Dei er også relativt sett meir interessert i opplæring innan restaurering av bygningar, organisering av samarbeid mellom bønder, lausdrift, skjøtsel av beite og jordarbeiding.

Generelt er det liten skilnad når det gjeld tema for opplæring innanfor dei tradisjonelle produksjonane. Det er relativt fleire kvinner enn menn som ønskjer opplæring i småfehald, bærproduksjon og produksjon av frilandsgrønsaker. Medan opplæring innan storfe, ved og etablering av skogsveg, er relativt sett noko meir populært for menn.

Det er svært liten skilnad på tvers av kjønna på kva ein oppfattar som dei største hindringane for å setja i gang utviklingstiltak på eigedommane. Ein noko større del kvinner opplever finansiering som eit stort hinder, medan fleire menn enn kvinner opplever tilgang på arbeidskraft og naboforhold som eit hinder.

# 4 Svara regionvis

---

## 4.1 Sunnhordland

Sunnhordland er sett saman av kommunane Etne, Sveio, Bømlo, Stord, Fitjar, Tysnes og Austevoll. Etne og Sveio er dei einaste landfaste kommunane, resten er øykommunar. Etne er ein av dei aller største jordbrukskommunane i Hordaland. Der er det vide dalar med relativt store flater i vestnorsk målestokk. Kommunen ligg meir verna frå kysten og kystklimaet enn dei andre kommunane i regionen, og opplever meir eit fjordklima enn eit kystklima. Dei andre kommunane er for det aller meste svært småkuperte med nokre høge fjell, og dei er utsette for det stadig skiftande veret frå havet i vest.

Etne utmerkar seg med stor produksjon av mjølk, kjøtfe og svin i tillegg til sau. I resten av regionen er sau dominerande med ein del innslag av mjølk og storfe. I tillegg er det noko produksjon av geitemjølk og ein del tilleggsnæringer. Utanom i Etne er gardane jamt over små. Historisk har dei ofte vore drivne som kombinasjonsbruk, ofte i kombinasjon med fiske. Nedlegginga av bruk har vore større her enn gjennomsnittet i fylket. Truleg er den raske nedleggingstakten delvis eit resultat av at brukta i utgangspunktet er små og relativt vanskelege å driva rasjonelt med moderne metodar, og delvis ei følge av at det har vore stor etterspurnad etter arbeidskraft i andre næringar, særleg knytt til oljeindustrien.

Det var 27 respondentar frå Sunnhordland, av desse var 8 kvinner. I alder fordele respondentane seg med to mellom 18 og 30 år, 15 mellom 31 og 50 år og 10 mellom 51 og 66 år.

I vedlegg 8 finn ein stolpediagram som viser kva sunnhordlendingane ønskjer i forhold til opplæring.

Som for fylket generelt, så speglar ønskja om opplæring innanfor tradisjonelle produksjonar den produksjonen ein har i dag. Det er småfeproduksjon og gras og førproduksjon som er dei temaa suverent flest ønskjer opplæring i. Andre relativt populære tema er storfe, tømmer, gris, mjølkeku, ved og bær.

Av Andre tema var det klårt flest som kryssa av for skjøtsel av beite, dernest kom vedlikehald maskinar, bioenergi, enklare driftsformer husdyr og korleis hindre attgroing.

Det er stort sprik i kva gardbrukarane ser for seg som realistisk drift på eigedommen om fem år. Det er også sprik i kva aktivitetar som finst på gardane i dag. Generelt var det optimisme å spora. Fleire brukarar i regionen ønskte å utvida drifta. Gardbrukarane ser for seg alt frå 250 vinterföra sauvar i kombinasjon med turisme eller større mjølkekvote i kombinasjon med slaktegris – til dyrking og foredling av bær. Det ser ut til at mangfaldet vert vidareført og utvida i framtida.

**Tabell 4.1 Dei største hindringane for å setja i gang utviklingstiltak på eigedommen – Sunnhordland**

	Tal kryss	Del av respondentane (27 i alt)
Finansiering	16	59 %
Usikre rammevilkår	13	48 %
Mangel på samarbeidspartnarar	2	7 %
Arbeidskraft	7	26 %
Marknadstilgang/distribusjon	1	4 %
Omstendelege byråkratiske prosessar	8	30 %
Tilgang til areal	8	30 %
Forhold til naboar	0	0 %
<b>Sum kryss</b>	<b>55</b>	

Sunnhordlendingane ser på finansiering og usikre rammevilkår som dei største hindringane for å utvikla eigedommen. Dernest kjem tilgang til areal, omstendelege byråkratiske prosessar og arbeidskraft.

## 4.2 Hardanger

Hardangerregionen er kommunane som omkransar Hardangerfjorden: Kvinnherad, Jondal, Odda, Ullensvang, Eidfjord og Ulvik. Hardanger har ein noko særeigen jordbruksproduksjon i forhold til resten av fylket. På grunn av klimatiske tilhøve vert det produsert mykje frukt, særleg i kommunane inst i fjorden – i Ullensvang og Ulvik. Lengst inne i Hardangerfjorden er ein skjerma frå mykje av nedbøren frå vest som fell ned når dei fuktige luftstraumane møter fjella lenger ute. Somrane kan vera ganske varme, og fjorden skaper eit klima som gjer at ein i lågareliggende strok opplever lite frost. Vest for Folgefonna ligg Kvinnherad kommune, med nokre store vide dalar som eignar seg godt til mjølkeproduksjon. Elles er det, som i resten av fylket, mykje sau i Hardanger.

Det var 38 respondentar frå denne regionen – 8 kvinner og 30 menn. Det var 2 mellom 18 og 30 år, 21 mellom 31 og 50 år, 14 mellom 51 og 66 år og 1 over 67 år.

I vedlegg 9 finn ein stolpediagram som visar kva hardingane ønskjer i forhold til opplæring.

Det var mykje større spreiing i kva brukarane ønskte opplæring i Hardanger enn i dei andre regionane i fylket. Frukt var mest populært – 13 kryssa av for det, medan 11 kryssa av for tema småfe, gras og førproduksjon, bær og juletre og pyntegrønt.

I kategorien Andre tema ønskete 10 personar å læra om skjøtsel av beite, medan tema vedlikehald av maskinar, bioenergi, enklare driftsformer husdyr og korleis hindre attgroing fekk 5 kryss kvar. Tema besøksgard, minikraftverk, økologisk landbruk og jordarbeiding fekk 4 kryss kvar.

Hardingane ser stort sett for seg at gardsdrifta held seg som no fem år fram i tid. I tillegg til at regionen utmerkar seg med fruktdyrking, er det også relativt mange som ser for seg at dei kjem til å driva med ei eller annan form for næring knytt til turisme.

Tilgang til arbeidskraft vert opplevd som eit større hinder for utviklinga av gards-eigedommane i Hardanger enn elles i fylket. Som for resten av fylket vert finansiering og usikre rammevilkår oppfatta som dei største hindringane i regionen.

**Tabell 4.2 Dei største hindringane for å setja i gang utviklingstiltak på eigedommen – Hardanger**

	Tal kryss	Del av respondentane (38 i alt)
Finansiering	17	46 %
Usikre rammevilkår	15	41 %
Mangel på samarbeidspartnarar	4	11 %
Arbeidskraft	15	41 %
Marknadstilgang/distribusjon	3	8 %
Omstendelege byråkratiske prosessar	11	30 %
Tilgang til areal	7	19 %
Forhold til naboar	2	5 %
Samla tal avkryssingar	74	

### 4.3 Bergen og omland

Innafor regionen Bergen og omland ligg kommunane Bergen, Fusa, Os, Samnanger, Sund, Fjell, Askøy, Øygarden og Osterøy. Klimaet i denne regionen skiftar frå utprega kystklima i øykommunane Øygarden, Sund, Fjell og Askøy, til fuktig fjordklima i Bergen, Fusa, Os, Samnanger og Osterøy. Topografien er for det aller meste småkupert med høgare fjell og tronge dalar jo lengre inn i landet ein kjem.

Jordbruksproduksjonen er mest sau, men nærmast Bergen har det dei siste åra vore ein auke i bruk med hest.

Det var 25 respondentar frå regionen, 17 menn og 8 kvinner. Aldersmessig fordelte dei seg med 1 mellom 18 og 30 år, 12 mellom 31 og 50 år, 11 mellom 51 og 66 år og 1 over 67 år.

I vedlegg 10 finn ein stolpediagram som visar kva bønder i Bergen og omegn ønsker i forhold til opplæring.

Småfe er det klart mest populære temaet av dei tradisjonelle temaa innan opplæring, deretter kjem gras og førproduksjon. Vidare er det relativt jamt fordelt mellom ein del tema med ved, tømmer og mjølkeproduksjon som dei mest populære.

Av Andre tema er dei mest populære skjøtsel av beite, heimeslakting og Inn på tunet. Så kjem økologisk drift, enklare driftsformer husdyr, bioenergi og rekneskap.

I eit femårsperspektiv ser bøndene i området for seg ulik utnytting av eigedommane. Som no, ser dei fleste for seg at dei kjem til å driva kombinasjonsbruk med sau, nokre økologisk. Elles er det stor variasjon med økologisk grønsak- og bærproduksjon, kanskje gardsbarnehage, vedproduksjon, villsaue, høglandsfe, ammegeit for å hindra attgroing, turisme, Inn på tunet, utviding med lausdrift og mjølkerobot, mest mogleg direktesal, utelege av stallplass, og anna.

Bergen og omland, og særleg ytre strok, har vore sterkt prega av nedlegging av bruk. Det strilane oppgjev som hindringar for å utvikla eigedommane, er: 11 oppgjev usikre rammevilkår, 9 oppgjev finansiering og 5 oppgjev omstendelege byråkratiske prosessar.

**Tabell 4.3 Dei største hindringane for å setja i gang utviklingstiltak på eigedommen – Bergen og omland**

	Tal kryss	Del av respondentar (25 i alt)
Finansiering	9	36 %
Usikre rammevilkår	11	44 %
Mangel på samarbeidspartnarar	0	0 %
Arbeidskraft	2	8 %
Marknadstilgang/distribusjon	0	0 %
Omstendelige byråkratiske prosessar	5	20 %
Tilgang til areal	3	12 %
Forhold til naboar	1	4 %
<b>Samla tal avkryssingar</b>	<b>31</b>	

## 4.4 Voss og omland

Voss og omland består av kommunane Voss, Granvin, Kvam, Vaksdal og Modalen. Klima i desse kommunane skiftar frå fjordklima til høgfjellsområdet. Terrenget er svært kupert. Det vekslar mellom fjellområde og dalar.

Granvin og Kvam grensar til Hardangerfjorden, og har klimatiske forhold som Hardanger-regionen i dei sørlege delane av kommunane.

Modalen er ein liten kommune sett saman av området omkring Mofjorden og eit hovuddalføre som er ei forlenging av denne. I Modalen er det nokre platå der dalen vidar seg ut, og det er relativt store jorde. Det ligg gardar oppover heile dalen, frå fjorden og til høgfjellet. I nord ligg Stølsheimen, eit høgfjellsområde der det tidlegare var omfattande stølsdrift. Både hordalendingar og sogningar hadde stølar i dette fjellområdet. Stølsheimen strekker seg fra Masfjorden i vest til og med Vikafjellet i aust og inkluderer dermed fjellområdet i Masfjorden, Modalen, Vaksdal og Voss i tillegg til kommunane Vik og Høyanger i Sogn og Fjordane.

Vaksdal kommune grensar til Veafjorden og Sørfjorden. I tillegg til areala langs fjordane er dei sentrale dalføra Eksingedalen og Bergsdalen.

Voss kommune er den største kommunen målt i areal i Hordaland, og er også den største jordbrukskommunen i Hordaland. Kommunen er den einaste innlandskommunen i Hordaland utanom ein liten tilgang til Bolstadfjorden. Her er det nokre relativt vide dalføre med Vossa-bygda sentralt plassert. Dei vide dalane eignar seg godt til grovförproduksjon.

Det var 10 kvinner og 28 menn frå Voss og omegn som svarte på undersøkinga. Aldersmessig fordelte desse seg med 4 mellom 18 og 30 år, 24 mellom 31 og 50 år og 9 mellom 51 og 66 år.

I vedlegg 11 finn ein stolpediagram som visar kva vossingane og dei i bygdene omkring ønskjer i forhold til opplæring.

I denne regionen var gras og grovförproduksjon, mjølkeku og småfe dei tre mest populære tradisjonelle tema. Deretter var ved og storfe relativt populære tema, så kom tømmer, etablering av skogsveg og juletre og pyntegrønt.

Av Andre tema var jordarbeiding mest populært, så kom skjøtsel av beite og korleis hindre attgroing, dernest økologisk landbruk og enklare driftsformer husdyr, før Inn på tunet, bioenergi og minikraftverk som relativt populære tema.

Kva driv bøndene med på eigedomen om fem år? Ut frå svara så driv dei stort sett med det same som no. Det vil seia relativt mykje mjøkeproduksjon. Nokre seier at dei vil utvide drifta med fleire sauvar og/eller større mjøkeproduksjon og investering i mjøkerobot. I denne

regionen var det relativt mange som nemnde at dei såg for seg økologisk produksjon. Elles er det nokre som nemner ved og skogproduksjon, og ganske mange ser for seg at dei kjem til å driva med ei eller anna form for turisme, utleige, besøksgard og servering. Alt i alt var det mange som svarte på spørsmålet, og det var mykje optimisme å spora.

Vossingane og omlendingane oppgjer finansiering, usikre rammevilkår og arbeidskraft som dei viktigaste hindringane for utvikling av eigedommene. Dernest kjem omstendelige byråkratiske prosessar og areal.

**Tabell 4.4 Dei største hindringane for å setja i gang utviklingstiltak på eigedommen – Voss og omland**

	Tal kryss	Del av respondentar (38 i alt)
Finansiering	23	61 %
Usikre rammevilkår	16	42 %
Mangel på samarbeidspartnarar	1	3 %
Arbeidskraft	7	18 %
Marknadstilgang/distribusjon	3	8 %
Omstendelige byråkratiske prosessar	13	34 %
Tilgang til areal	10	26 %
Forhold til naboor	2	5 %
Samla tal avkryssingar	75	

## 4.5 Nordhordland

Nordhordland inneholder kommunane Meland, Radøy, Lindås, Austrheim, Fedje og Masfjorden. Med unnatak av Masfjorden og Lindås er dette øykommunar. Heilt i aust grensar regionen til Stølsheimen, eit fjellområde som strekkjer seg forbi Vikafjellet i Voss Kommune. Der er det fuktig høgfjellsklima. Når ein rører seg vestover, opplever ein fjordklima i nokre delar, men det er eit utprega kystklima i mesteparten av regionen. Som for dei andre kystregionane, står veret på frå vest. Når den fuktige lufta samlar seg i møte med høge fjell i Masfjorden, fell det mykje nedbør, meir enn 4 000 mm i året. Terrenget er småkupert med høgare fjell og djupare tronge dalar jo lengre inn i landet ein kjem.

Det var 16 respondentar frå denne regionen, alle menn. Aldersmessig fordelte dei seg med 1 mellom 18 og 30 år, 8 mellom 31 og 50 år, 4 mellom 51 og 66 år og 3 over 67 år.

Jordbruksproduksjonen er i hovudsak sau i tillegg til mjølk og storfe. Det er store utmarksbeiteområde i fjellstroka som også vert nytta av bønder i ytre strok.

I vedlegg 12 finn ein stolpediagram som visar kva nordhordlendingane ønskjer i forhold til opplæring.

Av tradisjonelle tema ønskjer nordhordlendingane å læra meir om gras og førproduksjon, småfe og storfe. Dernest kjem ved, mjølk og juletre og pyntegrønt.

Av Andre tema ønskjer dei å læra meir om skjøtsel av beite, enklare driftsformer husdyr, jordarbeiding, bioenergi og heimeslakting. Elles er det fordeling med ein og to respondentar på dei andre tema.

Dei som svarte på undersøkinga, ser i store trekk for seg at dei kjem til å driva eigedomen som i dag. Det vil seia sau, oksar og ammekyr, og mjølkekryr. Det var ingen som nemnde poteter, grønsaker, frukt eller bær i dette området.

Nordhordland er ein region med sterk nedgang i tal aktive bruk. Derfor var det spesielt interessant å sjå kva hindringar brukarane i regionen opplevde for utvikling av gards-eigedommane. Som ein ser av tabell 4.5, oppgjer mange usikre rammevilkår og vanskar med finansiering. Men noko overraskande oppgjer nesten kvar tredje at dei opplever vanskar med å få nok areal som eit hinder, til tross for at mange bruk ligg unytta. Dette er eit viktig signal til kommunal arealforvaltning i regionen.

**Tabell 4.5 Dei største hindringane for å setja i gang utviklingstiltak på eigedommen – Nordhordland**

	<b>Tal kryss</b>	<b>Del av respondentar (16 i alt)</b>
Finansiering	8	50 %
Usikre rammevilkår	10	63 %
Mangel på samarbeidspartnarar	0	0 %
Arbeidskraft	1	6 %
Marknadstilgang/distribusjon	1	6 %
Omstendelege byråkratiske prosessar	2	13 %
Tilgang til areal	5	31 %
Forhold til naboor	1	6 %
<b>Samla tal avkryssingar</b>	<b>28</b>	

## 5 Oppsummering

---

Undersøkinga fekk fram kva tema for opplæring gardbrukarar i Hordaland ønskjer, og ønskje omkring dei praktiske forholda kring opplæringsituasjonen. Undersøkinga viste òg kva type tenester som er etterspurde, korleis ein ser på framtida for bruks og kva som vert oppfatta som dei største hindringane for utviklingstiltak.

Av dei som svarte på undersøkinga, var det fleire som i eit femårsperspektiv hadde planar om å utvida drifta enn å trappa ned. Dei langt fleste ville halda fram som no med dei same produksjonane.

Undersøkingane om kva bøndene ønskjer seg av tema for opplæring, støttar opp om dette. Dei mest populære temaa er dei same produksjonane som eksisterer i fylket i dag. Det er rimeleg å tolka det i retning av at bøndene ønskjer å verta betre på det dei driv med i dag. Det er sjølvsagt ikkje heile biletet. Det var også etterspørsel etter «nye» tema og produksjonar som opplever fornøya interesse. Døme på dette er storfe/ammekyr, ved, tømmer, juletre og pyntegrønt, bioenergi, økologisk landbruk, minikraftverk, turisme og reiseliv, heimeslakting, foredling og Inn på tunet.

Dei regionale skilnadene reflekterer i stor grad dei skilnadene i produksjon ein ser i dag, særleg i forhold til tradisjonelle tema. Hardangerregionen utmerkar seg med etterspørsel etter opplæring innan frukt og bær. For Andre tema er det ingen regionar som utmerkar seg klart i noko spesiell retning anna enn at det var noko større interesse for Inn på tunet i Bergen og omland enn i dei andre regionane.

Det var relativt små skilnader i interessa for opplæring innanfor tradisjonelle tema hos mannlige og kvinnelege gardbrukarar. Når det gjaldt Andre tema, var det nokre tydelege skilnader. Menn var relativt sett mykje meir interesserte i enklare driftsformer husdyr, bioenergi, minikraftverk og vedlikehald og restaurering av bygningar; medan kvinner var relativt sett mykje meir interesserte i Inn på tunet, besøksgard, gardsbarnehage, foredling av husdyr og vilt og vedlikehald av maskinar.

Generelt var skilnadene på tvers av alder òg større for Andre tema enn for tradisjonelle tema. Den yngste gruppa hadde relativt sett størst interesse for restaurering av bygningar, skjøtsel av beite, jordarbeid, minikraftverk og Inn på tunet. Dei mellom 31 og 50 år hadde relativt sett størst interesse for opplæring innan skjøtsel av beite, jordarbeid, enklare driftsformer husdyr, bioenergi, minikraftverk, Inn på tunet, økologisk landbruk og korleis hindre attgroing. Gruppa mellom 51 og 66 var mest interessert i skjøtsel av beite, enklare driftsformer for husdyr og turisme og reiseliv. Denne gruppa var også relativt sett meir interessert i bioenergi, korleis hindre attgroing og økologisk landbruk.

Over 50 prosent av de yngste i undersøkinga ønska opplæring innanfor gras og førproduksjon, dernest var det 28 prosent av dei som ønskte opplæring innan småfe, mjølkeku og tømmer. Noko overraskande var det ingen av dei unge som ønskte opplæring innan turisme og reiseliv.

Gardbrukarane var relativt fleksible i forhold til opplæringsform. Heile 91 prosent rekna internett som ein aktuell læringsarena. Undervising på kveldstid var aktuelt for fleire enn undervisning på dagtid og i helger.

Det var stor interesse for kjøp av tenester til eit breitt spekter av arbeidsoppgåver. Mange kjøpte tenester allereie. Dei mest etterspurde tenestene var rekneskap, saueklypping, rundballepressing, maskinarbeid, lauvskjering og fosterteljing. Svara tyder på at ein kunne

tenkja seg å kjøpa mange tenester om dei var tilgjengelege. Det var generelt større interesse for praktiske gjeremål enn administrative.

Når det gjeld hindringar, så er det finansiering og usikre rammevilkår som går igjen i alle regionane. Det er ikkje så overraskande. Hardanger utmerkar seg likevel med at kvar fjerde respondent nemner at det er problem med å få tak i nok arbeidskraft. Blant respondentane fra Nordhordland og Sunnhordland, som er regionar prega av stor nedgang i tal aktive bønder, nemner kvar tredje at dei opplever arealtilgang som eit hinder for å kunna utvikla eigedommen.

I tillegg til det ein finn i sjølve rapporten, finn ein i vedlegga tabellar med kommentarar og søylediagram som syner resultata meir inngåande.

# Referansar

---

- eKlima. 2009. *Meteorologisk institutts vær- og klimadata fra historiske data til sanntidsobservasjoner.*  
<http://eklima.met.no/eklimapub/servlet/ReportInfo?action=stationwmo&la=no&co=NO>.
- Flaten, O., G. Lien, M. Ebbesvik, M. Koesling og P.S. Valle. 2005. *Risiko og risikohandtering i økologisk jordbruksproduksjon.* NILF-rapport 2005–4. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning. Oslo.
- Knutsen, H., A. Olsen, S.K. Paulsen Rye, O. Sjelmo, A. Spissøy og K. Stokke. 2008. *Næringsaktivitet på ulike typer landbrukseiendommer.* Notat 2008–25. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning. Oslo.
- Lien, G, O. Flaten, A.M. Jervell, M. Ebbesvik, M. Koesling og P.S. Valle. 2006. Management and Risk Characteristics of Part-Time and Full-Time Farmers in Norway. *Review of Agricultural Economics.* 28(1) s.111–131.
- SSB. 2007. *Jordbruksareal i drift i prosent av landareal i alt, etter fylke. 2007.*  
[http://www.ssb.no/jordbruk/.](http://www.ssb.no/jordbruk/) (Sett 5.11.09.)



# Oversikt over vedlegga

---

Vedlegg 1: Kommentarar til forholda omkring opplæring

Vedlegg 2: Andre tema ein vil læra meir om

Vedlegg 3: Tenester ein kunne tenkja seg å kjøpa om dei var tilgjengelege

Vedlegg 4: Svar på spørsmål om realistisk drift på bruket om fem år

Vedlegg 5: Andre hindringar for utviklingstiltak

Vedlegg 6: Ønskje om tema for opplæring – aldersskilnader

Vedlegg 7: Ønskje om tema for opplæring – kjønnsskilnader

Vedlegg 8: Ønskje om tema for opplæring – Sunnhordland

Vedlegg 9: Ønskje om tema for opplæring – Hardanger

Vedlegg 10: Ønskje om tema for opplæring – Bergen og omland

Vedlegg 11: Ønskje om tema for opplæring – Voss og omland

Vedlegg 12: Ønskje om tema for opplæring – Nordhordland

Vedlegg 13: Spørjeskjema

# Vedlegg 1: Kommentarar til forholda omkring opplæring

---

Bonden som heldt kulturlandskapet i hevd, gjer ein stor jobb for felles skapet og reiselivsnæringa. Dette bør gjeva større utteljing økonomisk, så vil også meir av det attgrodde landskapet verta rydda og teke att i meir aktivt bruk!

Viktig at den er effektiv.

Viktig å skape entusiasme, sprei kunnskap i forkant.

Dersom eigenandel må den være billig. Studiering er bra med gardsbesøk for læring av andres gode og dårlige val.

Samarbeid f.eks. med forsøksring eller vidaregåande skule.

Jeg ønsker en oppstartspakke. Dei som vil starte gard utan agronomisk utdanning, treng litt starthjelp. Både byråkratisk og praktisk dyrehold.

Om ein skal ha opplæring på dagtid, så må dette vera på lett tilgjengelege kursstader.

Intensive kurs kan gjerne leggast på dagtid (mellan føringane) alternativt må kurs leggast over fleire veker. Kvar dag kan bli for mykje.

Reiseavstand – mjølketidar er eit problem.

Opplæraren må ha ei fagleg bakgrunn, praktisk og teoretisk, må vere engasjerande.

Studiestaden bør liggje nær, dersom kurset er på kveldstid.

En kombinasjon av seminar og internett hadde vært gunstig.

Må gå føre seg i distriktet.

Må vere profesjonelt.

Helgekurs kjem an på om resten av familien kan vere med.

Må gå føre seg i tidsrommet okt.–feb.

Mange av kursa som blir annonserte, er altfor dyre. Ca. kr 1500 for å ta det såkalla «sprøytesertifikatet» er altfor mykje. Det fører til «langing», dvs ein som har sertifikat kjøper til dei som ikkje har. Dette er uheldig. Kurset burde elles ha vore lagt om.

Kort – intensivt.

Kurs må vera av god kvalitet helst med instruktør.

Føretrekk samlingar. Der kan ein diskutere emne med andre delt.

Opplæring innanfor Inn på tunet og Gardsbarnehage må vere innanfor nasjonale retninger.

Gode foredragsholdere/etablerte kurs.

Ein kombinasjon av kveldskurs og sjølv studie over internett passer best.

Mest mulig praktisk innretta.

Generelt skjer det ofte kurs at lærerne/foredragsholderne veit for lite om deltagarane, og derfor berre øser ut av sin kunnskap. Fører gjerne til mindre utbytte enn ein hadde håpt på. Bør vite utgangspunktet for kvar enkelt kursdeltakar.

Ynskjer meg korte kurs: 1 dag (4–5 t) med minst 1 time sosialt samvær. Om innom ein avstand på 1 times køyring. Helst mellom fjøsstella, i nov.–mars (og sjølv sagt dei dagane eg ikkje er ute i kontorjobben min). Det er så jævla mykje ein skal rekka over, men vilja er der. Praktisk opplæring/rettleiring, høver best for meg. Gjerne heimebesøk i mitt juletrefelt.

Brukar nærmar seg pensjonsalder, og eventuell ny generasjon må finne ut av dette.

Opplæring må innehalde praktisk del.

Gode forelesarar. Prosjektoppgåver Tid til diskusjonar.

Opplæring må ha relevans til kvardagen med soleklår nytteverdi. Med klår nytteverdi kan det gjerne betalast eigenandel. Men f.eks. HMS-kurs til høg betaling og m/5–10 % nytteverdi er uaktuelt!

Må vere i nærområdet.

Eigenandel må eventuelt vere symbolsk.

Ja ved symbolsk sum.

Forsøksringen eg er med i er flinke til kurs.

Mange kurs er for dyre.

Kanskje eit kurs med rettigheitar rundt sjukdom – aktuelle forsikringar etc.

Internettopplæring bør kombinerast med anna opplæring.

Oppfølging av vaksenopplæring gjennom vidareføring av eit slag. BSF er naudsynt. Elles er forsøksringane og fagskulane dei som bør gjennomføre tiltaka.

## Vedlegg 2: Andre tema ein vil læra meir om

---

Gammal (eldre) matkultur som kunne brukast som attåt næring, kanskje i turisme eller skule og barnehage.

Hjort som problem. Hjort som ressurs.

Ammekuproduksjon.

Tilskottsordningar, byråkratiske prosessar.

Andre handverk relaterte til gardsdrift, d.s. ull-, tre-arbeid (f.eks. einer, vev spinning).

Kystfisker/småbruk (vekselbruk).

Lausdrift, robotmjølking.

Sjukdomsførebygging.

Sprengingsteknikk, opplæring i saueklipping.

Ressursar i utmark.

HMS-kurs for utanlandske arbeidarar f.eks. Litauen – Polen.

Kompostering, urter.

Produksjon av enkle treprodukt «husflid».

Gjerdehald/gjerde plikter/-lover.

Korleis få viktige innspel føre jordbruksstingane? Korleis nå fram for ikkje-organiserte?

Skjøtsel av lynghei.

Bruk og skjøtsel av gamle reiskap/verktøy som enno med fordel kan nyttast på gardane (eks ljå og øks).

Korleis gjera eldre driftsbygningar tenlege for moderne landbruksmask. m/eigeninnsats.

Generasjonsskifte, fordeling av verdiar og juridiske tilhøve; gjødselplan.

Grøn omsorg.

Økologisk Landbruk, restaurering og vedlikehald av bygningar, heimeslakting og foredling av husdyr og vilt.

Rekneskap.

Inn på tunet.

Bio-energi, vedlikehald av bygningar, vedlikehald av maskiner, heimeslakting, foredling av husdyr og vilt, internett, miljøplan.

Maskinførarbevis sprenging.

Planteformering – stiklingar, avleggarar med meir; dersom det ikkje inngår i planteskule.

Ugrasbekjemping generelt.

Mange av dei andre tema som eg ikkje kunne kryssa.

Inn på tunet + besøksgard.

Lage ein mal for reglar og krav med Inn på tunet.

Bedriftsleiing, sal og marknadsføring, kundebehandling og kommunikasjon, korleis hindre attgroing, økologisk jordbruk, enklare driftsformer husdyr, restaurering av bygningar, turisme og reiseliv Inn på tunet.

Økologisk frukt og bærdyrking.

Økonomi ved kjøp av maskiner.

Turistguiding.

# Vedlegg 3: Tenester ein kunne tenkja seg å kjøpa om dei var tilgjengelege

---

Ja, kjøper rekneskapstenester allereie.

Sprøyting – brakking av ugras, saueklypping.

Ja.

Desse 3 tenestene vert i dag kjøpet på bruket (rekneskap, spesialisert maskinarbeid og saueklypping).

I tillegg, vert tømrer leigt inn til enkelte reparasjonar på bruket.

Nei.

Fresing av gamal eng.

Innhausting av gras.

Føring av rekneskap, større maskinelle oppgåver, vil være noe tenester eg vil kjøpe ved mi drift.

Eg kjøper tenester som rekneskap, saueklipping. Konsulenttenester kan eg vurdere å kjøpa dersom ein kan gå fleire saman.

Brukar rekneskapsførar. Leigar også gravemaskin når det er naudsynt. Brukar polakk i sesongen, men dette byrjar verta svært dyrt. Kunne tenkt meg å leiga tenester til jordarbeiding med maskinar eg ikkje har sjølv f.eks. rotorharv, steinriva.

Avløysarring.

Fjøsavløsing.

Betre tilgang på saueklipparar. Tilgang på fostertelling.

Dei fleste tenester er tilgjengelege Kjøper i dag; rekneskap og saueklipping.

Pakking av juletre på pallar.

Nei.

Nei.

Ja, er med i effektivitetskontrollen.

Ja, kjøper rekneskapstenester allereie.

Saueklipping, vedlikehald maskinar.

Nei.

Reparering og oppsetting av gjerde.

Innhausting vha mini rundballepresse.

Kjøper i dag rekneskapstenester og rundballing.

Rundballing.

KSL føring.

Saueklipping kjøper eg i dag.

Ja.

Nei.

Litt skogsarbeid, rydding/stell av plantefelt.

Rekneskap, maskinarbeid, saueklipping.

Saueklipping.

Kjøper allereie rekneskap og saueklipping.

Ja, rekneskap, saueklipping og siloballing.

Nei.

Slått og saueklipping.

Kjøper allereie saueklipping, rekneskapsføring og rundballepressing.

Kjem ikkje på noko.

Slått, miniballepresse.

Jordarbeiding, steinplukkarutstyr.

Onnehjelp med erfaring – sjølvstendige maskinarbeidarar.

På dei fleste områder.

Gode erfarte avløysarar.

Förberging.

Løsing av jorda med spademaskin.

Kjøper i dag rekneskap, saueklypping, slått og pressing, slangespreiing av gjødsel, föringsrådgjeving og EK i mj.prod.

Saueklypping.

Saueklypping.

I dag leiger eg rekneskapsføring, klypping, avløysar. Ynskjer meg nokon som kan pusse beitene som er for bratte for traktor. Nokon med 6-hjuling og beitepussar.

Veit ikkje.

Förhausting. Dyrking.

Klauvskjering, maling av bygningar, fjøsvask.

Grashandtering, brøyting.

Kjøper i dag, rekneskapsføring og saueklypping.

Rydding av beite.

Er ikkje alle slags tenester til sals? Det er berre økonomien som setter grenser.

Klauvskjering.

Rekneskap, gyllespreiing.

Saueklypping.

Ja, alt innanfor KSL.

Rekneskap og anna papirarbeid.

Saueklypping.

Maskinarbeid.

Rundballing, jordarbeiding, sprøyting.

Fostertelling, därleg tilgang på opplærte personar.

Avløysar til fjøsen.

Transport når ikkje eige utstyr strekkjer til.

Føring av rekneskap. Noko maskinarbeid (spesialisert).

Taubanedrift. Gyllearbeid.

Saueklypping, kalking av dyrka mark, slått (rundballing/pakking).

Spreiing av husdyrgjødsel, förhausting. Tenestene er tilgjenglege, men det blir eit spørsmål om pris.

Rekneskap, fører sjølv i år.

Rekneskapen vert ført av andre.

Jordbearbeiding ved fornying av eng.

Saueklypping.

I somme periodar kan dei fleste tenester vere aktuelt å kjøpe om dei var tilgjenglege.

Rekneskap, saueklypping, rundballepressing.

Grashausting med eksaktsnitter.

Ja.

Slättehjelp.

Mange, men då må økonomien betres. Elles avløysar og Inn på tunet.

Saueklypping, traktorsprøyting av eng, grøfting av eng, bygging av traktorveg.

Kjøper rekneskap, maskinarbeid.

Rekneskap.

Slått i frukthagen, skjering av frukttre. Entreprenørarbeid m/reising av støtte- og dekkjesystem i fruktproduksjon.

Ikkje andre tenester enn dei eg alt i dag kjøper.

Taubanedrift tømmer.

Rekneskap + saueklypping leiger allereie.

Gjødsling og slått.

Rekneskap.

## Vedlegg 4: Svar på spørsmål om realistisk drift på bruket om fem år

---

Kyr (mjølk), sau, ved.

Mjølkeproduksjon og kjøtproduksjon. Kanskje saman med turisme, gardsbarnehage, besøksgard. Er oppteken av gamal matkultur (kva brukte dei eldhuset til?).

Mjølkeproduksjon.

Større mjølkeproduksjon.

Økologisk mjølkeproduksjon.

Melkekyr og okser.

Melk, storfe, sau og høns.

Mjølk i dag, sauehotel? Frukt?

Mjølkeprod. i samdrift.

Som i dag, mjølk, turisme, Inn på tunet.

Mjølk, kjøt, ved og bær.

Mjølkeproduksjon, lausdrift, robot, skog.

Mjølk og kjøt – økologisk?

Mjelk kjøtt turisme.

Mjølk og kjøt foredling, skog, turisme, reiseliv, tenester og tilskipingar (kulturelle).

Mjølkekku, nokre sauer, grasproduksjon.

Mjølk, egg, sagbruk.

Mjølkeproduksjon og sau.

Mjølk og kjøt. Utleige til turister om sommeren.

Samme som i dag (mjølk og frukt) + skogbruk.

Mjølk og kjøt.

Mjølkeproduksjon, litt sau og maskinarbeid.

Mjølkekku, verpehøns, frukt og bær.

Mjølkeprod.

Mjølkeprod. og sau. Vedsal, 5 høner, økologisk drift.

Mjølkekryr og tømmer.

Større mjølkekvote, nytt slaktegrishus fullkonsesjon, slutte med sauer.

Mjølkeprod. Geit. Sau.

Mjølk og kjøt – birøkt – besøksgard.

Kjøtt- og melkeproduksjon.

Mjølkeprod.+sau.

Som no, mjølk og kjøtprod.

Dobla kvoten og invest i robot.

Mjølk og kjøtproduksjon.

Mjølkeprod. og bær.

Kjøtproduksjon: storfe og sau (gris).

Gardsturisme, slaktegris og ammeku.

Kjøtproduksjon av storfe.

Ammekyr, ungdyr og sau.

Fôringsoksar, ammeku, sau og villsau.

Ku, gris, sau.

Villsau, høglandsfe og ammegeit for å hindre attgroing.  
Som nå. Noen kuer for produksjon av ost og is, sauer til kjøtt og ulike dyr til å se på, besøksgård med høner for salg av egg, overnattingsmuligheter og utleie av selskapslokale.  
Storfekjøtt og Inn på tunet tenester.  
Som no, ammeku/sau.  
Kjøtfeproduksjon.  
Same drifta som no. Dvs. kjøtproduksjon.  
Kjøtproduksjon og foredling av kjøt.  
Som no.  
Likte som nå.  
Same som no.  
Omtrent som i dag.  
Som no.  
Som i dag, om mogeleg i større omfang.  
Same som no. Om ikkje rammevilkåra vert dårlegare.  
Same som no.  
Same som no.  
Om lag som i dag.  
Gris og sau.  
Slaktegris, hest avl og riding, høy.  
Geitebruk m/gardsysteri.  
Mjølkegeit med lokal foredling av all mjølka til kvitost, fersk ost, surmjølk og mjølk til konsum, samt brunost.  
Sau, mjølkegeit, egg og okseslakt.  
Frukt, bær og noko juletreproduksjon.  
Juletreproduksjon og frukt.  
Fruktproduksjon.  
Frukt og skog.  
Økologisk plommeproduksjon, konvensjonell morellproduksjon, Foredling av plommer og moreller.  
Bær og fruktdyrking.  
Moreller, plommer, turisme i ei eller anna form.  
Frukt, grønnsaker, spesialproduksjon.  
Frukt, evt meir økologisk.  
Frukt, bær og ved.  
Frukt, kanskje litt tursime.  
Sau.  
250 vinterfora sau + turisme.  
Sau.  
Framleis sau.  
Sau. Bær.  
Sau, julatre, reiseliv.  
Sau som i dag, mulig litt frukt og grønt.  
Sauedrift, for å hindre gjengroing.  
Villsau.  
Økologisk sauehald og verphøner.  
Økologisk sau.  
Sau, juletre og gardsmat.  
Sau, grasproduksjon og tømmer/ved.  
Sauehald (kanskje besøksgard).

Sau, grønnsaker.  
Som i dag, sau komb. med Inn på tunet.  
Sau.  
Sau og grovforprod. Vedproduksjon.  
Sau.  
Sau.  
Meir småfe, ingen storfe.  
Sau eller ammekyr.  
Sau og verpehøns.  
Sauehald.  
Ekstensivt sauehald.  
100 sau nye fruktplantingar, meir utvikling av turisme og utleige.  
Sau??  
Drive med sau.  
Saueprod. + sauehotell.  
Sauehald.  
Sau og hest.  
Samme som no, sau.  
Sau.  
Sauer, skog/tømmer, kraftverk, besøksgard.  
Småfe (sau).  
Sau.  
Forhåpentleg sauebruk?  
Sau og skog.  
Same som no eller utviding (med sau).  
Sau.  
Eg håpar økologisk sauehald, med grønsak- og bærproduksjon. Kanskje ein gardsbarnehage på sikt.  
Sauedrift – ull og kjøt; Vevstove – kurs og produksjon; Inn på tunet; besøksgard og gardsbutikk – i samarbeid med ein nabo.  
Sau.  
Sau.  
Sau, ved, gras/fôr, poteter og grønnsaker.  
Sau.  
Småfe.  
Sau og vedproduksjon.  
Saueproduksjon og Inn på tunet.  
Småfehald, ved eller juletre – småkraft.  
Reiseliv og foredling.  
Fôrproduksjon – eventuelt til ammekyr og hestehold.  
Noko mindre slått og meir beiting.  
Mest mulig direktesal som i dag. Sal av stallplass. Drivhusprodukter.  
Samdrift.  
Dyrking og foredling av bær.  
Kanskje bærproduksjon av eit eller anna slag.  
Husdyrsmåskala, potet, bær.  
Sagbruk, juletre, turisme, matservering.  
Høyprod. og ved bioenergi?  
Grasproduksjon og sal av fôr.

# Vedlegg 5: Andre hindringar for utviklingstiltak

---

Eg ynskjer å vera bonde på heiltid. Bruka tida mi på gardsarbeid. Fjøsstell og kanskje attåtnæring som eg kan arbeide med heime på garden.

Alder på brukaren og økonomien i landbruket i dag!

Hjelp og støtte i frå kommunen hadde vært kjekt. En startpakke for nye bønder som vil satse på gardsyrket. Vanskelig i dag, får mye motbør. Etterlyser positivitet. Eldre garder trenger en oppussing. Vanskelig å starte nytt om man har dårlige bygg og ikkje får økonomisk starthjelp.

Eiga tid til å drive på.

Prioriter heiltidsbønder framfor deltidsbønder med høge lønningar utanom.

Økonomisk gevinst på sikt.

Generasjonsskifte.

Usikkerheit omkring generasjonsskifte.

Problemer med helsa.

Alle desse tinga er usikre. Må utredast først, før ein kan gje eit godt svar. Rammevilkåra, pris og tilskot er nok dei viktigaste hindringane.

Alder og helse til brukar. Det er vel ikkje mange 50 åringar og eldre innafor jordbruket, som har lagt ned mange timer med sjauing av matvarer til forbrukar, so ikkje er slitne mentalt og fysisk.

Alder, er 68 år.

Alder.

Treng meir produksjon og areal om eg skal byggja nytt til mjølk.

Hjorteskadar på eng, og i juletreskogen. Store utfordringar.

Regelverket for ubehandla mjølk.

Dårlig økonomi.

Usikker framtid (pga. utbygging i området), usikkerheit med omsyn på generasjonsskifte, og krav om betre betaling for arbeidet.

Økonomi, dvs. liten avkastning.

Alder og helse.

Alder.

Har satt i gang mykje og det fungerar, det er viktigaste grunnen at det ikkje vert sett i gang nye tiltak.

Vanskeleg å finne rette folka å snakke med, manglar gode rådgjevarar. Kor skal ein venda seg.

Ulike oppfatningar blant gardbrukarar om viktigheita av eit godt visuelt inntrykk av bygda. Liten vilje til å investere i fellestiltak som vegar og anna.

Økonomien i jordbruket må bli betre, ein må ha pengar til å investere.


Kommunale arealplanar fører til interessekonfliktar. Beboere i nye bustadfelt klager på lukt og gjødsel.

Eigen arbeidskapasitet og pågangsmot.


Helse.

# Vedlegg 6: Ønskje om tema for opplæring – aldersskilnader

---





### Andre tema - alder



## Vedlegg 7: Ønskje om tema for opplæring – kjønnsskilnader

---







# Vedlegg 8: Ønskje om tema for opplæring – Sunnhordland

---

Tradisjonelle produksjonar Sunnhordland




### Andre tema Sunnhordland




# Vedlegg 9: Ønskje om tema for opplæring – Hardanger

---

Tradisjonelle produksjonar Hardanger




#### Andre tema Hardanger




# Vedlegg 10: Ønskje om tema for opplæring – Bergen og omland

---

**Tradisjonelle produksjonar Bergen og omland**




## Andre tema Bergen og omland




# Vedlegg 11: Ønskje om tema for opplæring – Voss og omland

---

Tradisjonelle produksjonar Voss og omland




### Andre tema Voss og omland




Tal respondentar

# Vedlegg 12: Ønskje om tema for opplæring – Nordhordland

---



### Andre tema Nordhordland



# Vedlegg 13: Spørjeskjema

---

## Spørjeundersøking... Flotte premiar!

Storbonde? Hobbybonde? Småbonde? Økobonde? Mjølkebonde? Fruktbonde? Sauebonde?  
Inn-på-tunet-bonde? Skal- snart- bli- bonde? BO-ENDE? Eller berre gardbrukar? Smågrislar?  
Draumar? Måneskinsbonde?  
Uansett storleik og produksjon...

Hordaland Bondelag, Hordaland bonde og småbrukslag, Forsøksringen Hordaland,  
Innovasjon Norge Hordaland og Fylkesmannens landbruksavdeling ønsker å kartleggje kva  
interesser, ønsker og behov bønder i Hordaland har for opplæring og tenester.

For at du skal få eit best mogleg tilbod om kurs-, etterutdanning- og kjøp av tenester, treng vi  
*di hjelp:* Kva ønsker *du* å læra meir om? Kva tenester kunne *du* tenkje deg å kjøpe?

Svar på spørsmåla nedanfor og bli med i trekkinga av premier frå Felleskjøpet til ein samla  
verdi av kr 40 000! Frå dei innsendte svara trekker vi ut 10 heldige vinnarar som kvar får ein  
premiepakke til verdi av rundt kr 4000:

- Pakke 1 og 2: Dame Stetind jakke og bukse, Fjellstøvel Gronell og Gard varmedress.
- Pakke 3 og 4: Herre Stetind jakke og bukse, Fjellstøvel Gronell og Gard varmedress.
- Pakke 5 og 6: Motorsag Stihl MS 260 FB
- Pakke 7 og 8: Vernekjøp for motorsag. Comfort bukse og jakke.
- Pakke 9: Gressklipper Mastercut SP53O.
- Pakke 10: Ryddesag Stihl FS 400

Spørjeundersøkinga er anonym. Fyll ut skjemaet, riv ut, stift saman og send det i retur til oss.  
Porto er betalt.  
På førehand takk!

-----Brett her-----Brett her-----

**Postsak nr xxx**

**Fylkesmannen i Hordaland  
Landbruksavdelinga  
Xxx Bergen**

**Skjemaet skal fyllast ut av den i huslyden som har det største daglege ansvaret for drifta.**

**Namn:**

**Adresse:**

**Poststed:**

---

**1) Her er lista opp ein del produksjonar og tema. Kva kunne du tenkje deg å lære meir om?**

**a) Tradisjonelle produksjonar** Kryss ut inntil tre tema som du kunne tenkje deg å lære meir om:

Mjølkeku	Honningbier	Prydplanter i veksthus
Mjølkegeit	Gras og førproduksjon	Grønsaker i veksthus
Storfe	Frukt	Juletre og pyntegrønt
Småfe	Bær	Planteskule
Gris	Potet	Tømmer
Kylling	Frilandsgrønsaker	Ved
Verpehøns	Vekster til frømogning	Etablering av skogsveg

**b) Andre tema** Kryss ut inntil tre tema som du kunne tenkje deg å lære meir om:

Jordarbeiding	Restaurering av bygningar	Kundebehandling, kommunikasjon
Skjøtsel av beite	Vedlikehald av bygningar	Bedriftsleiing
Korleis hindre attgroing	Vedlikehald av maskiner	Internett
Økologisk landbruk	Heimeslakting	Rekneskap
Plantevern integrert landbruk	Foredling av husdyr- og vilt	Skatterett
Lausdrift	Foredling av frukt og bær	Tilskots- og støtteordningar
Enklare driftsformer husdyr	Ysting	Generasjonsskifte, fordeling av verdiar, juridiske tilhøve
Organisering av samarbeid	Turisme og reiseliv	Arealutvikling, tomteutnytting
Sauhestell	”Inn på tunet”	Produkt- og næringsutvikling
Samdrift mjølkeproduksjon	Besøksgard	Miljøplan
Bioenergi	Gardsbarnehage	Gjødselplan
Minikraftverk	Sal og marknadsføring	

**c) Er det andre tema du kunne tenkje deg å lære meir om?**

--	--

**2) Litt om dei praktiske forholda rundt opplæring:**

**a) Kva opplæringsform vil vera mest aktuell for deg?**

Set kryss for om opplæringsformene er enten "moglege" eller "ikkje moglege" for deg, og for kva opplæringsform du ville føretrekkje.

	Mogleg	Ikkje mogleg
Opplæring		
- på dagtid	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
- på kveldstid	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
- helgekurs	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
- over internett	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
- i studiering	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

**b) Er du villig til å betale eigenandel i samband med opplæring?** Ja   
Nei

**c) Har du kommentarar til forholda rundt opplæring, kan du skrive dei her:**

---

---

---

**3) Kjøp av tenester**

Erfaringsmessig er nokre arbeidsoppgåver enklare å setje vekk til andre enn å gjere dei sjølv. Til dømes vel nokre å kjøpe tenester knytt til føring av rekneskap, spesialisert maskinarbeid eller saueklypping.

**Med bakgrunn i drifta på eigedommen din: Er det tenester du kunne tenkje deg å kjøpe om dei var tilgjengelege?**

---

---

---

**4) Kva drift eller produksjonar ser du som realistisk på bruket om 5 år?**

**5) Kva er dei største/viktigaste hindringane for at du vil setje i gang utviklingstiltak på eigedommen din? Kryss ut eller fyll inn:**

Finansiering	Arbeidskraft	Forhold til naboar
Usikre rammevilkår	Marknadstilgang/distribusjon	Tilgang til areal
Mangel på samarbeidspartnarar	Omstendelege byråkratiske prosessar	Forhold til naboar

**Fakta om bruket:**

**6) Bruket ligg i følgjande region (Kun eitt kryss):**

- Sunnhordland (Etne, Sveio, Bømlo, Stord, Fitjar, Tysnes, Austevoll)
- Hardanger (Kvinnherad, Jondal, Odda, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik)
- Voss og omland (Voss, Granvin, Kvam, Vaksdal, Modalen)
- Bergen og omland (Bergen, Fusa, Os, Samnanger, Sund, Fjell, Askøy, Øygarden, Osterøy)
- Nordhordland (Meland, Radøy, Lindås, Austrheim, Fedje, Masfjorden)

**7) Kor stor del av di samla inntekt utgjer inntekta frå gardsdrifta i dag? (Kun eitt kryss):**

- 0- 30 %
- 30- 60 %
- 60- 100 %
- Gardsdrifta er subsidiert av andre inntektskjelder
- Bruket er ute av drift

**8) Fakta om brukar:**

**Kjønn:**       Kvinne  
 Mann

**Alder:**       18- 30  
 31- 50  
 51- 66  
 67 eller eldre